
Planomtale

Områdeplan Lonelva - Juvikvarden



08.06.2010
Revidert ved planendring 29.09.2017



Oppdrag:	Områdeplan for Lonelva - Juvikvarden					
Emne:	Planomtale					
Rapport:						
Oppdragsgiver:	Lindås kommune					
Dato:	08.06.2010					
Oppdrag- / Rapportnr.	6 1 2 7 3 8					
Tilgjengelighet						
Utarbeidet av:	LNR	Fag/Fagområde:	Arealplan			
Kontrollert av:		Ansvarlig enhet:	Region Bergen			
Godkjent av:			Seksjon areal og samferdsel			
Sammendrag:						
Områdeplan for Lonelva Juvikvarden legg til rette for mellom anna bygging av kyrkje, barneskule og omsorgsbustader. Følgjande tema har vore sentrale i planarbeidet:						
<ul style="list-style-type: none">• Trafikksystem og parkering• Lokalisering av bygg og anlegg• Samanhengjande grønstruktur						
Tiltakshavar.....	Lindås kommune					
Grunneigarar (sentrale).....	Lindås kommune					
Planstatus kommuneplan.....						
Hovudformål	Offentlege bygg: kyrkje, skule, idrettsanlegg omsorgsbustader					
Areal planområde.....						
Areal byggeområde.....						
Kunngjering oppstart.....	11.03.2010					
Informasjonsmøte.....	02.04.2009 og 10.05.2010					
Utg.	Dato	Tekst	Ant.sider	Utarb.av	Kontr.av	Godkj.av



For planendring 30.05.17 Rapport Og Arkitekter

Sist revidert	29.09.2017
Plankonsulent	Og Arkitekter as
Prosjektnummer og navn	160474 Områdeplan Lonelva – Juvikvarden Endring felt T3
Faglig kontroll / Korrektur	TG/KD/HB 30.05.2017

Nøkkelopplysningar

Stad	Lindås Kommune - Knarvik
Gårdsnr./bruksnr.	188/800, mfl.
Gjeldande planstatus (regulerings- /kommune(del)pl.)	Områdeplan T3 Skule
Forslagsstillar	Lindås Kommune
Grunnleigere (sentrale)	Lindås Kommune
Plankonsulent	Og Arkitekter AS
Ny plans hovudformål	T3 Skule
Planområdets areal i daa	Felt T3 25.6
Tomteutnytting	45 %-BRA (43,3%-BRA berekna)
BRA på utbygginga	11 733 m2 (inkl overflateparkering)
Aktuelle problemstillingar	Tomteutnytting, byggegrense, høgder og vegløyising.
Er det varsel om innsigelse (j/n)	N
Konsekvensutredningsplikt (j/n)	N
Kunngjering oppstart, dato	29.04.2017
Fullstendig planforslag mottatt, dato	30.05.2017
Informasjonsmøte.(j/n)	J - 08.05.17

Forord

Grunnlaget for planarbeidet var behovet for å få kyrkja lokalisert i Knarvik, og sikre det formelle vedtaksgrunnlaget for å kunne gå vidare med rammesøknad for kyrkja.

I tillegg til kyrkja, har det vore viktig å få vurdert lokalisering av barneskule og omsorgsbustader. Det har vore viktig å sjå idrettsområdet i ein heilskap for å sikre ei allsidig og tenleg utnytting av det resterande arealet. Spørsmålet om kunstisbane og/eller biobrenselanlegg har og vore vurdert.

I planarbeidet er det konkludert med lokalisering av kyrkje, barneskule, kunstisbane. Det er ikkje funne rom for å lokalisere "Lyngtunet" i dette planområdet. Dette må overførast til områdeplan for Knarvik sentrum. Spørsmålet om biobrenselanlegg eller kunstisbane har vore vurdert.

Parkering- og vegsituasjonen er vurdert, og er lagt til grunn for planframlegget som tilrår å leggje parkeringsplassane i utkanten av planområdet slik at tilhøva for gåande og syklende vert tryggare trafikkmessig.

Planendring 30.05.17

Framlegget til planendring siktar på å endre byggjegrænse, byggehøgder, tomteutnytting og løysing for trafikk og parkering innanfor eller i tilknytning til delfelt T3 tomt for Knarvik barneskule.

Denne planomtalen skildrar i kapittel 1 og 2 bakgrunn for planendringa, prosjektets status, og prosess for planendringa.

Det er vurdert at dagens situasjon i hovudsak er dekkande omtalt i planomtalen dagsett 08.06.2010. Kapittel 3 er berre oppdatert med ortofoto tatt i 2015. I kapittel 4 vert det i detalj skildra på kva måte dei ulike plandokumenta er endra. I kapittel 5 er ROS-vurderinga omtalt. I kapittel 7 drøftar vi konsekvensane av endringa av planen. I kapittel 9 er merknader til oppstartsvarselet for planendringa lagt inn og kommentert.

Der den eksisterande planomtalen er i klar motstrid med dei endringane som er skildra i eige kapittel, er dette og retta opp.

Den føreliggande planomtalen for planendringa synar kvifor kommunen har ønska å endra planen, kva som har vore naudsynt å endre i planens juridisk gjeldande dokument, og kva konsekvensar desse endringane har i høve til planens gjeldande løysningar i plankart og i føresegner.

Plankonsulent ønskjer utover dette å peika på at endringane berre gjeld for delfelt T3 med tilførselsvegar, ikkje er store og at endringane har små konsekvensar for naboar.

Innhold

Forord	4
Innhold	5
1. Innleiing og bakgrunn	7
1.1 Bakgrunn	7
1.2 Overordna planer	7
1.3 Reguleringsplanar i området.....	8
1.4 Andre overordna føringar	10
2. Planprosess og medverknad	11
2.1 Planprosess og medverknad for opphavleg planarbeid	11
2.2 Planprosess og medverknad for planendring 30.05.2017	12
3. Dagens situasjon.....	14
3.1 Lokalisering og avgrensing av planområdet	14
3.2 Eksisterande arealbruk i området.....	15
3.3 Historie og kulturminne.....	16
3.4 Landskap og vegetasjon.....	16
3.5 Friluftsliv og grønstruktur.....	17
3.6 Barn og unge sine interesser	17
3.7 Klima og solforhold.....	18
3.8 Veg og trafikktilhøve	18
3.9 Støy	19
3.10 Kollektivtrafikk	20
3.11 Vatn og avlaup.....	20
3.12 Energi	20
3.13 Eigedomstilhøve	21
3.14 Helse, risiko og sårbarheit	21
3.15 Dagens situasjon ved planendring 08.09.17.....	21
4. Planforslaget.....	23
4.1 Plangrep.....	23
4.2 Bygg og anlegg	24
4.3 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur.....	27
4.4 Grønstruktur	33
4.5 Omsynssoner	34
4.6 Skildring av framlegget til planendring 07.09.2017	35
5. Risiko og sårbarheit.....	42
6. Alternativ vurdering av arealbruk.....	43
6.1 Lokalisering større offentlege bygg.....	43
6.2 Lyngtunet og ny barneskule.....	44
6.3 Idrettsparken	46
6.4 Biobrenselanlegg	47
7. Konsekvensar av planframlegget.....	49
7.1 Trafikktilhøve og infrastruktur	49
7.2 Friluftsliv og samanhengjande grønstruktur	49
7.3 Born og unge sine interesser.....	50
7.4 Privat og offentlig tenestetilbod	50
7.5 Konsekvensar for nærmiljøet.....	51
7.6 Konsekvensar for andre reguleringsplanar	51
7.7 Idrett	51
7.8 Estetikk.....	52
7.9 Juridiske og økonomiske konsekvensar	52
7.10 Konsekvensar av planendringa 30.05.2017	52
8. Merknader til varsel om oppstart.....	57
9. Merknader og kommentarar ved planendring 30.05.17.....	62

VEDLEGG

- Føresegner datert 08.06.2010 / Revisjonsdato 29.09.2017
- Plankart, nedfotografert til A3, datert 08.06.2010 / Revisjonsdato 07.09.2017

-
- Illustrasjonshefte til planomtalen, datert 08.06.2010 / Revisjonsdato 30.05.2017
 - Illustrasjonsplan for felt T3, datert 16.02.2017

1. Innleiing og bakgrunn

1.1 Bakgrunn

Planarbeidet vart sett i gang for å få ein gjennomgang og drøfting av lokalisering av større offentlege bygg i ein heilskapleg samanheng. Areal til kyrkje, barneskule, fjernvarmeanlegg, skøytebane, omsorgsbustader, samt vegsituasjonen og parkering er viktige tema i oppstarten ved planarbeidet.

1.1.1 Bakgrunn for planendringa 30.05.17

Ved prosjektering av Knarvik Skule er nokre grunnleggande forutsetningar for område T3 i Områdeplan for Lonelva – Juvikvarden endra. Den opphavlege planen er basert på ein skule med 400 elevar, og det heiter i den opphavlege planomtalen at:

«skuletomt dimensjonerast for inntil 400 elevar. Med dagens nasjonale normtal for uteareal, skulebygg med gymsal, samt parkering vil det krevja eit areal på omlag 25 daa»

27.10.2016 blei dette vedtaket fatta i sak 078/16 i kommunestyret:

- «1. *Kommunestyret vedtar å byggje ei flerbrukshall i handballstorleik (25 m x 45 m aktivitetsflate) med ei utviding av hallen med klatrevegg.*
 2. *Kommunestyret vedtar å byggje ei skule for 450 elevar.*
- (...)»


Skulen vert med dette større og i det følgjande vil vi visa konsekvensar av dette, og kva delar av planens dokumentar som difor må endrast.

1.1.2 Den formelle grunngjevinga for planendringa 30.05.17

Det var opphavleg søkt om byggeløyve og dispensasjonar for oppføring av Knarvik barneskule. I uttale til dispensasjonssøknaden, tilrådde Fylkesmannen i brev datert 14.03.2017, gjennomføring av planarbeid. Det vart på bakgrunn av dette avgjort å gjennomføre ei planendring for å leggje til rette for Knarvik barneskule via denne, jf. vedtak i Plan- og miljøutvalet 26.04.2017, sak 043/17.

1.2 Overordna planer

Kommunedelplan for Knarvik – Alversund 2007-2019 (vedteke 13.03.2008) viser areal innanfor planområdet avsett til offentleg føremål, idrettsanlegg, friområde og bustad.



Utsnitt frå kommunedelplanen, planområdet Lonelva Juvikvarden markert med turkis linje.

Kommunedelplanen har som mål at Knarvik skal få ei bymessig utvikling med vekt på estetikk og miljø i alle løysingar.

Handlingsplanen i kommunedelplanen definerer ulike tiltak som skal arbeidast vidare med. Tiltak som gjeld reguleringsplanen er:

- Sikre opparbeiding av grøne lunger, park- og friområde
- Vurdere større grad av open vassføring av Lonselva
- Lokalisering av offentlege sentrumsnære bygg
- Plan for vidareutvikling av idrettsparken
- Gang- og sykkelveggar
- Fjernvarmeanlegg


Grøn kvardag – kartlegging av grønstruktur Alversund – Isdal – Knarvik (2005), ligg til grunn for fastsetjing av grensene for grønstruktur i kommunedelplanen. Rapporten peikar på området rundt Juvikvarden som eit viktig grøntareal for nærområdet, ein ”100 m skog”.

1.3 Reguleringsplanar i området

Reguleringsplan for Knarvik sentrale delar, vedteke 20.09.2001, blir erstatta av dette planforslaget.




Reguleringsplan for Knarvik aust, vedteke 22.04.2010, grensar inn til planområdet i aust:



Reguleringsplan for Knarvik aust legg til rette for 325-425 bustader. Grøne korridorar frå Lonsvegen og opp mot Indregardsfjellet er vektlagt i planen.

Felt D (Stallane) vedteke 16.12.1969 gjeld eksisterande einebustadområde søraust for planområdet.

Områdeplan for Knarvik sentrum, vedteke 18.06.2015:



Områdeplan for Knarvik sentrum vist med varsla avgrensing av planområdet.

1.4 Andre overordna føringar

Knarvik barneskule

I planarbeidet skal ny skuletomt dimensjonert for inntil 450 elevar. Med dagens nasjonale normtal for uteareal, skulebygg med gymsal, samt parkering vil det krevja eit areal på omlag 25,5 daa.¹

Knarvik kyrkje

Reguleringsplanen skal leggje til rette for ei kyrkjetomt på omlag 10 daa, og eit kyrkjebygg på om lag 2000 m² BRA. Ved maksimal utnytting av kapasitet skal den romme 500 sitjeplassar.

Kyrkja vart oppført mellom 2013 og 2015.

¹ Tal er justert for planendringa 30.05.2017

2. Planprosess og medverknad

2.1 Planprosess og medverknad for opphavleg planarbeid

Planarbeidet har vore leia av arealplanavdelinga med ei plangruppe der representantar frå ulike administrative einingar har delteke:

- Kultur og aktivitet
- Skule
- Eigedom
- Pleie og omsorg
- Teknisk drift og brann
- Kyrkjeleg fellelsråd

Planarbeidet har vorte presentert for plan- og miljøutvalet i tre møte, og for kommunestyret i eitt møte før planforslaget no vert fremja for utlegging til offentleg høyring.

Formelle prosessar:

25.02.2009: Vedtak om oppstart av reguleringsplan PMU 25.02.2009
11.03.2009: Kunngjering av oppstart reguleringsplan

Tidleg i planprosessen vart det halde møter/seminar med andre medverkande aktørar:

02.04.2009: Møte med interessegrupper, grunneigarar, politikarar og institusjonar
21.04.2009: Ungdomsseminar

Merknader til melding om oppstart:

Offentlege:

- Statens vegvesen, 11.03.2009
- NVE, 11.03.2009
- Bjørgvin bispedømmeråd, 30.03.2009
- Fylkesmannen i Hordaland, 02.04.2009
- Hordaland fylkeskommune, 06.04.2009
- NGIR, 03.07.2009
- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, 30.03.2009
- Eldrerådet, 31.03.2009
- Levekårsutvalet, 31.03.2009
- Lindås idrettsråd, 03.04.2009
- Lindås kyrkjelege fellelsråd, 06.04.2009

Private:

- Jorunn og Steiner Ekkeren, 11.03.2009
- Knarvik senter AS, 11.03.2009
- Lindås revmatikarlaget, 20.03.2009
- Knarvik barnehage, 04.04.2009
- Nordhordland Skeiseklubb, 06.04.2009
- Gunnar Stusdal, 07.04.2009
- Knarvik idrettslag, 21.09.2009


Innspel og merknader er oppsummert og kommentert i kap 8.

Arealanalyse for Lonelva – Juvikvarden, rapport av Kompas (no Multiconsult) datert 11.08.2009 omhandlar registrering og analyse av grønstruktur, trafikk og arealbruk som grunnlag for alternativsvurderingar primært knytt til lokalisering av kyrkje og barneskule.

Analysen vart lagt fram for plan- og miljøutvalet 26.08.2009, og kommunestyret 17.09.2009 med følgjande vedtak sak 71/09:

For arealbruken i planområdet tilrår kommunestyret alternativ 2B som val av alternativ som grunnlag for reguleringsplan.

Alternativ 2B viser kyrkje og barneskule lokalisert på Kvernhusaugane.

<p>ALTERNATIV 2b</p> <ul style="list-style-type: none">• Kyrkje på Kvernhusaugane• Ny barneskule på Kvernhusaugane• Andre offentlege formål for idrett og kultur i sentralaksen mellom ungdomsskulen og Knarvik senter, omsorgsbustader på Stallane nord• Juvikvarden friområde for naturleikeplass og uorganiserte aktivitetar.• Juvikvarden sør kan utviklast som område for offentlig og privat tenesteyting	
--	---

Til grunn for det valde alternativet ligg vektlegging på lokalisering av kyrkja sentralt i høve til andre sentrumsfunksjonar og kulturtilbod. Flytting av barneskulen til Kvernhusaugane gir store uteareal, god skjerming for trafikk, ligg til rette for tett sambruk med andre skular og kulturformål, og lokaliseringa vil binda saman dei nye bustadområda i aust med Knarvik sentrum.

2.2 Planprosess og medverknad for planendring 30.05.2017

2.2.1 Oppstart

Plan- og miljøutvalet vedtok oppstart av planendring 26.04.2017.

Det vart varsla om oppstart av planarbeid 29.04.2017.

Naboar / gjenboarar og offentlege instansar vart tilskriva med brev dagsett 28.04.2017

Oppstarten vart kunngjort i avisa Norhordland, 29.04.2017, og i Strilen 05.05.2017. Frist for å komme med merknad vart sett til 20.05.2017.

Folkemøte / informasjonsmøte for å informere naboar og andre interesserte, blei avhalde 08.05.2017.

2.2.2 Mottatte merknader

Etter fristens utløp er det komme inn 0 merknader frå private og 3 frå offentlege instansar.

Merknadene vert handsama i kapittel 9.

2.2.3 Medverknad

Planlegging av ny barneskule starta formelt opp i august 2015. Det vart då etablert brukargrupper og referansegruppe der rektor, FAU, SFO, elevrådet, miljøretta helsevern, verneombod, tillitsvalde, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, helsesøster, IKT-personell, driftspersonell, reinhaldarar, idretten, læringscenteret og einingsleiar skule var representert. Det har vore arrangert møter, synfaringar og idedugnadar gjennom planleggingsprosessen der desse har vore til stades og kome med verdifulle innspel til planane.


Næraste naboar til skuletomta har vore i dialog med prosjektgruppa gjennom prosessen for å finne gode løysingar i grensesonene mellom eigedomane.

Barnetråkkregistrering

I september/oktober 2015 vart det gjennomført barnetråkkregistrering på Knarvik barneskule. Elevane frå 2.-6. klasse fekk registrere si rute frå heimen til ny skuletomt. Registreringane vart kartfesta og det vart markert ut område som elevane oppfatta som utrygge. Snarvegane vart også registrerte.

3. Dagens situasjon

3.1 Lokalisering og avgrensning av planområdet




Planområdet ligg sentralt i Knarvik omgitt av bustadområde, og med naturområde og servicetilbod i umiddelbar nærleik. Planavgrensinga følgjer riksveg 57 i vest, Lonsvegen i aust og Juvikstølen i nord. Mot sør skuleområde, Knarvik senter, sjukeheimen og Stallane.



Sentrale delar av planområdet sett frå vest :

3.2 Eksisterende arealbruk i området



Planområdet inneholdt følgende bygg og større anlegg:

- Knarvik barnehage (privat)
- Juvikstølen barnehage (kommunal)
- Knarvik ungdomsskule
- Knarvik vidaregåande skule
- Rådhuset
- Betania, forsamlingshus
- Musikkhuset, øvingslokale for Eikanger Bjørsvik Musikklag
- Nordhordlandshallen (idrettshall)
- Idrettspark med ulike baner
- Omsorgsbustader
- Einebustader
- Knarvik kyrkje

Tilstøytande areal mot sør:

- Knarvik barneskule (inntil ny skule vert oppført innanfor planområdet)
- Knarvik vidaregåande skule
- Blanda offentlege tenester
- Knarvik senter
- Knarvik sjukeheim og aldersbustader
- Stallane bustadområde

Tilstøytande areal mot aust og nord:

- Knarvik aust bustadområde (delvis bygd/under oppføring)
- Lonena friluftsområde
- Juvikstølen bustadområde

Tilstøytande areal mot vest:

- H-feltet bustadområde

3.3 Historie og kulturminne

Knarvik som tettstad har hatt ei rask utvikling. Ved etablering av ferjeleie og vegsystem i 1956 var området stort sett lynghet og utmark. Knarvik vart vedteke etablert som regionsenter for Nordhordland i 1965. Same år vart reguleringsplan vedteke, og den har vore styrande for dagens vegstruktur og hovudtrekk i arealbruk. Knarvik skulekrins har i dag om lag 2910 innbyggjarar (i 2017, talet var 2653 i 2011), og har ei rekkje kommunale og regionale service og tenesteytande funksjonar lokalisert her.

Det er ikkje registrert kulturminne som steingardar, eldre ferdselsårer eller utmarksminne eller anna i planområdet. Vesentlege delar av området er allereie utbygd i dag.


3.4 Landskap og vegetasjon


Landskapet i planområdet har eit variert og småkuppert terreng med spreidd utbygging i det grøne. Hovudretninga i landskapet er nordvest/søraust, og karakteristisk for det ubygde landskapet er lyngklede haugar med skrin furuskog og myrer mellom knausane.

Eit viktig større samanhengjande grøntområde og landskapsrom strekkjer seg frå eit godt terrengtilpassa idrettsanlegg og nordover mot myr og lyngheilandskapet rundt Lonena.

Kvernhushaugane og Juvikvarden er markerte høgder og grøntområde i landskapet. Det er også eit mindre grøntareal mellom rådhuset og ungdomsskulen sentralt i området.


Enkelte store furutre er viktig å ta vare på og må sikrast i vidare plan- og byggesaksprosessar.



- | | | | |
|---|------------------------|---|------------------------|
|  | Overordna landskapsrom |  | Herlegdomsverdiar |
|  | Utsiktspunkt |  | Viktige grønne samband |

3.5 Friluftsliv og grønstruktur

Planområdet har i seg sjølv liten verdi for friluftsliv, men det er viktig å sikre gode innfallsportar og samanhengar med tilstøytande område mot Lonena i nord og Indregardsfjellet mot nordaust. Ein samanhengjande grønstruktur skal ivareta både stor og liten skala i veven av naturprega område, gangveggar, stiar og snarveggar, leike- og aktivitetsområde, møteplassar og torg. Knarvik sentrum er omgitt av bustadområde på alle kantar, og ein funksjonell og visuell attraktiv grønstruktur er avgjerande for å nå målet om det gode byliv i Knarvik.



- | | | | |
|---|---------------------------|---|-------------------------|
|  | Nye møteplassar |  | Vanskeleg tilkomstpunkt |
|  | Tilkomst til grønstruktur |  | Viktige ferdselslinjer |

Analysen viser at det er gode funksjonelle gang samband i nord-sør retning, men at det er behov for ferdselsårer som kan binda saman og styrkje samanhengar på tvers. Det er mangel på gode møteplassar og opplevingar langs gangvegane.

3.6 Barn og unge sine interesser

Knarvik har mange og gode arenaer for organisert aktivitet, særleg idrett. Det er lite lagt til rette for uorganiserte aktivitetar. Ubygde område er anten naturområde eller parkeringsplassar. Det er ein leikeplass bak parkeringsplassen i Juvikstølen, og ein leikeplass med ballbane i bustadområdet Stallane.


Gang- /sykkelveg bind saman skuleområdet i sør med idretts- og friluftsområde i nord. Det er også gang-/sykkelveg langs Lonsvegen. Det er særleg trong for å styrkje samanhengar på tvers i planområdet.

3.7 Klima og solforhold

Området har generelt gode solforhold der det ligg vendt mot sør-vest i eit ope og småkuppert landskap. Framherskande vindretning frå sør og sør-vest.

3.8 Veg og trafikktilhøve

Planområdet er omkransa av Rv57, Juvikvarden, Lonsvegen og E39. Planområdet ligg ikkje inntil E39, men tilkomstvegar til området er kopla på E39. Både Rv57 og E 39 har høg trafikkbelastning. TAL PR. 2011: Rv 57 har ÅDT=13000 og E39 ÅDT=17000. TAL PR. 2017: Fv 57 har ÅDT=15300 og E39 ÅDT=17000.



Dagens trafikksystem rundt planområdet

Ungdomsskulen og vidaregåande skule nord i planområdet har tilkomst frå Juvikstølen. Delar av idrettsområdet har tilkomst frå Juvikstølen og Lonsvegen. Rådhuset og Nordhordlandshallen har tilkomst frå E39. Det er ingen gjennomkøyring i området.

Lonsvegen er ein tofelts veg med gang- og sykkelveg på sørsida. Vegen har i dag liten trafikkbelastning, men er dimensjonert for bustadområda i Knarvik aust.

Kvernhusmyrane er tofelts veg med tosidig fortau fram til avkjøring ned til senteret, og vidare med einssidig fortau på vestsida opp til rådhus og vidaregåande skule.

Stallane og øvre del av Kvernhusaugane tener bustadområdet og sjukeheimen.

Juvikstølen er tofelts veg med delvis tosidig fortau.

3.9 Støy


Gjeldande retningslinjer for støy T-1442 skal leggjast til grunn ved arealplanlegging av bygg som er kjenslevare for støy. Det gjeld mellom anna skule, barnehage og omsorgsbustader.

I samband med utarbeiding av kommunedelplanen vart det gjort ei støyvurdering av Kilde Akustikk AS i juli 2007.

Trafikktala er framskrive til 2017. Støysonekart viser gul og raud sone langs hovudvegane. For planområdet gjeld dette i særleg grad området langs riksveg 57 ved Juvikvarden.

Gul sone har rekna støy på >55 dB <65 dB. Uterom for kjenslevare bygg må skjermast


Raud sone har rekna støy på >65 dB. Kjenslevare bygg kan ikkje oppførast utan tiltak som reduserer støynivået på fasade til under grenseverdi for raud sone.



Utsnitt av støysonekart

Kjelde: Kilde Akustikk AS

3.10 Kollektivtrafikk



Busstopp nær planområdet

Bussrutene følgjer hovudvegnettet med haldeplassar langs Rv57 og E39. Knarvik skystasjon ligg på nedsida av E39 i kort gangavstand til planområdet. Ungdomsskulen har skulebuss som nyttar bussløyfa ved idrettsanlegget. Lonsvegen er pr i dag ikkje trafikkert med rutebuss, men det er lagt til rette med busslommer like ved planområdet.

3.11 Vatn og avlaup

Det er lagt nytt leidningsnett i Lonsvegen. Ved utbygging på Kvernhushaugane må det leggjast nytt leidningsnett inn i området.

3.12 Energi

Nordhordland bioenergi as har ynskje om å etablera eit biobrenselanlegg innanfor planområdet. Føremålet er å forsyne dei offentlege bygningane som er tilrettelagt for det med vannboren varme. I prosessen vart det lagt fram 4 alternative lokalitetar for etableringa. Gjennom planarbeidet vart det peika på 3 andre alternativ som ville vere meir gunstig for aktivitetane i planområdet. Styringsgruppa for planarbeidet har lagt til grunn at det kan verte konflikhtar m.o.t. utslepp om eit biobrenselanlegg vert lagt til planområdet.

Kunstisbana er lagt inn i planframlegget. Ei kunstisbane produserer energi som kan nyttast til oppvarming av bygg gjennom leidningsnett. Det er ikkje lagt røyrleidningar i grunnen som skal kunne forsyne dei ulike bygningane med fjernvarme.

Kor mykje som kan leverast av varme er ikkje kjent. Det er ikkje tatt inn i planarbeidet kor mykje som trengs for å varma bygga som er etablert med vannboren varmeanlegg.

Det er (så langt vi kjenner til) ikkje gjennomført nokon vurdering av kva kjelde som eignar seg best for levering av varme i dette området.

3.13 Eigedomstilhøve

Areal innafor planområdet er det alt vesentlege i offentleg eige. Betania og Knarvik barnehage er i privat eige. To av dei tre einbustadane er også i privat eige.

3.14 Helse, risiko og sårbarheit

Risiko og sårbarheitsanalyse skal avdekke sannsynet for at det skjer uønska hendingar. Det er ikkje gjennomført full ROS-analyse i planprosessen, då det ikkje er kjent tilhøve som vil påverke utforminga av planen.

Det er i områder ingen bratte skrentar eller andre naturforhold som kan tyde på rasfare. Området er ikkje særskilt utsett for vind eller nedbør.

Frå Lonena går Lonselva delvis i dagen, men mest i rør, og overvassløp ned mot sjø går gjennom området. Det er ikkje erfart problem knytt til flaum.

Det har ikkje vore verksemdar i området som kan ha forureina grunnen.

3.15 Dagens situasjon ved planendring 08.09.17

Det er vurdert at dagens situasjon, slik den var omtalt over i 2010, også er dekkande for planendringa i 2017.

Nokre av bileta eller illustrasjonane som er vist, vil ikkje vere oppdatert. Ein gjer merksam på at Knarvik kyrkje med parkeringsplass og Knarvik barnehage no er bygd, samt bustader i Langheiane og områdeplan Knarvik aust har løysningar for mjuke trafikantar.




Ortofoto frå 2015 som viser skuletomta. Barnehagen er vist med raud, stipla strek og felt T3 er illustrert med blå, stipla strek.






4. Planforslaget

Planforslaget byggjer på arealanalysen og kommunestyret sitt vedtak om alternativ for lokalisering av større offentlege bygg. Det er vektlagt ein samanhengjande overordna grønstruktur og byggjestruktur som knyter planområdet saman med Knarvik som heile. Fortetting med bygg skjer langs dei overordna sambanda. Hovedgrepet er søkt understøtta med eit finmaska nett av gode ferdselsårer i form av fortau, gangveggar og stiar.

I planarbeidet har det vore vektlagt å styrke viktige ferdselsårer for gåande og syklande for å redusere behovet for personbilkjøring lokalt. Saman med utvikling av eit kompakt sentrum med eit mangfald av attraktive tilbod og tenester både dag og kveld vil det tilføre tettstaden bymessige kvalitetar. I veven av bygde, grønne og sosiale strukturar blir stadidentiteten i Knarvik vidareutvikla.

4.1 Plangrep



- | | | | |
|---|---|---|------------------------------------|
|  | <i>Sentrale byggeområde i planforslag</i> |  | <i>Bustadområde</i> |
|  | <i>Knarvik sentrum</i> |  | <i>Framtidige utviklingsområde</i> |
|  | <i>Overordna grønne samband</i> |  | <i>Overordna landskapselement</i> |

4.2 Bygg og anlegg

Planforslaget inneheld følgjande underføremål til plan- og bygningslova §12-5 nr 1:

Bustad

- Frittliggjande småhus BF

Tenesteyting:

- Barnehage
- Undervisning
- Institusjon, omsorgsbustad
- Kyrkje og anna religionsutøving
- Forsamlingslokale
- Administrasjon

Idrett:

- Idrettsstadion/ idrettshall
- Andre idrettsanlegg
- Næmiljøanlegg

Kommunaltekniske anlegg

Kombinerte bygg

4.2.1 Bustad

Området omfattar to eksisterande frittliggjande einebustader i Kvernhusvegen.

4.2.2 Tenesteyting

T1 og T2 - barnehage

Områda gjeld eksisterande barnehagar T1 Knarvik barnehage (privat) og T2 Juvikstølen barnehage (offentleg). Planforslaget stadfester etablert arealbruk. All parkering i samband med drift av barnehagen skal skje på eige område.

T3, T4 og T5 - undervisning

T3 gjeld tomt til ny barneskule. Skulebygg med fleirbrukshall, inkludert klatrehall, skal oppførast innanfor byggegrense vist på plankartet. Konstruksjonar og anlegg som naturleg høyrer til utomhusareal til skulen, kan oppførast utanfor byggegrense.

T4 gjeld eksisterande ungdomsskule. Det er gitt noko utvida areal mot sør. Ein føreset at ungdomsskulen skal nytte I2 grusbana til ballspel og anna i skuletida.

T5 gjeld eksisterande vidaregåande skule. Arealet til formålet er utvida mot vest. Skuleeigar kan ta i bruk og skjøtte haugen som ligg under omsynssone landskap, men det kan ikkje gjerast vesentlege terrengingrep her.

T6, T7 og T8 - institusjon/omsorgsbustad

T6 er avsett til nytt område for bygging av omsorgsbustader. Det kan byggjast i 2-3 etasjar tilpassa terrengtilhøve og beste utforming for universell tilgjenge.

T7 er eksisterande omsorgsbustader. Del av dagens tomt blir i planforslaget nytta til vegformål, og arealet blir erstatta av tilsvarende areal mot nord.

T8 er kommunal einebustad nytta som omsorgsbustad.

T9 og T10 - Kyrkje og anna religionsutøving

T9 gjeld tomt til Knarvik kyrkje. Gjennomført arkitektkonkurranse er tatt omsyn til i fastsetjing av byggegrense og byggehøgde.

T10 er område for eksisterande forsamlingshus for pinsørsla, Betania. Planen stadfester dagens bruk og arealutnytting.

T11 - Forsamlingslokale

Planen opprettheld dagens bruk og arealutnytting.

T12 - Administrasjon

Planen legg til rette for ei utviding av dagens rådhus ned mot senterområdet. Utvikling av området må sjåast i samanheng med planarbeidet for Knarvik sentrum som skal starte i juni 2010. Det er krav detaljregulering av T12 etter at arealbruken i tilstøytande område er avklart. Dersom det er tenleg i tid og gjennomføring kan T12 inngå i ein samla detaljplan med T13, gatetun, torg og park 1.

4.2.3 Idrett

Område for idrett er delt i sju felt:

I1- idrettshall

Planforslaget stadfester etablert tilhøve.

I2 – grusbana

Grusbana skal oppretthaldast, men kan strammast opp i form og kvalitet. Det skal minimum vere ei bane på 40x60 meter. I skuletida er bana primært til bruk for ungdomsskulen, elles skal den ha ein fleirbruksfunksjon for ulike idrettsaktivitetar eller andre arrangement. Etter avtale med kommunen kan den nyttast til parkering ved større arrangement.

I3 – Knarvik stadion og kunstgrasbane 11'ar fotball

Planforslaget stadfester etablerte tilhøve.

I4 – Servicebygg/garasje

Området skal nyttast til oppføring av bygg for utstyr i samband med drift og vedlikehald av idrettsparken. Maksimal byggehøgde er sett til 9 m.

I5 – Kunstgrasbane 7'ar fotball

Planforslaget stadfester etablerte tilhøve.

I6 – Skøytebane/treningsfelt

Området kan nyttast til bygging av kunstfrosen skøytebane med tilhøyrande anlegg som t.d driftsbygning og lysmaster. Plankartet illustrerer plassering av ei skøytebane med yttermål isflate på 60 x 126 m. Dette gir ei løpslengde ein runde på 285 m, og eit midtfelt på ca 5100 m². I vintersesongen kan anlegget nyttast til hurtigløp, ishocey, kunstløp, bandy og ispigging. Utanom issesongen kan anlegget nyttast til aktivitetar som rulleskøyter/inline, skateboard, tennis, handball og basket.

Arealet er knapt og det må lagast ein detaljert utomhusplan som mellom anna viser terrenginngrep og korleis sideareal med skråingar/skjeringar og fyllingar skal utformast. Kopling mot gangvegar langs bana og internt i idrettsparken må løysast i utomhusplanen. Det må også leggjast til rette for publikumsareal langs bana.

I7 – Nærmiljøanlegg

Området skal leggjast til rette for uorganisert leik og aktivitet som støttar opp om idrettsparken som eit anlegg med breitt tilbod til alle. Enkle anlegg og mindre konstruksjonar som ikkje medfører vesentlege terrenginngrep kan tillatast. Ballbinge eller liknande er i denne samanheng å forstå som større konstruksjon og er ikkje tillate oppført i dette området. Avsett omsynssone for landskap har som formål å ta vare på haugen som landskapselement, og større furutrær skal takast vare på. Haugen er eit utsiktspunkt i nærområdet, og det kan leggjast til rette med sitjemøblar, og gjerast lettare tilgjengeleg med oppgradering av stiar som er i naturleg samanheng med anna tilrettelagt gangvegsystem i området.

4.2.4 Kommunaltekniske anlegg

KT1 er eksisterande trafo langs Lonsvegen

KT2 er areal for biobrenselanlegg. Leidningsnett vil i følgja langs veganlegg og veg 2 inn mot sentrale delar av planområdet.

4.2.5 Kombinerte bygg

Byggeområde T13 skal innehalde offentlege tenesteyting, og utviklast vidare i ein detaljert reguleringsplan. Området kan innehalda gymsal/volleyballhall og symjehall, kulturinstitusjonar som bibliotek og kulturskule med konsertsal, kontorlokale for offentlig administrasjon, og undervisning. Endeleg arealbruk må tilpassast avklaringar i områdeplanen for Knarvik sentrum. Det kan byggjast parkeringsanlegg i ein eller to underetasjar, som då vil gje 250- 500 plassar.


4.2.6 Energianlegg

Energianlegg er område for eksisterande nettstasjon/trafo, med rom for plassering av større nettstasjon. Det er lagt omsynssone høgspenningsanlegg rund arealføremålet energianlegg, for å markere at det ikkje er tillete å føre opp brennbare bygningsdelar eller konstruksjoner innanfor omsynssona som er i konflikt med nettstasjonen.

4.3 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Planforslaget inneheld følgjande underføremål til plan- og bygningslova §12-5 nr 2:

- Kjøreveg
- Fortau
- Gang/sykkelveg
- Torg
- Gatetun
- Parkeringsplass
- Anna veggrunn



Trafikksystem og kjørevegar i planforslaget

4.3.1 Kjørevegar

Veg 1 – Lonsvegen er samleveg for tilstøytande byggeområde. Parkeringsplass P4 ved idrettsparken har direkte tilkomst frå Lonsvegen.

Veg 2 – tilkomstveg til barnehage, omsorgsbustader, barneskule og kyrkje.

Veg 3 – Juvikstølen gjer tilkomst til eksisterande bustader langs vegen, bedehus, vidaregåande skule, ungdomsskule, idrettspark, forsamlingshus/musikkhus og barnehage.

Veg 4 – Kvernhusaugane gjer tilkomst til eksisterande bygg langs vegen, og til torg.

Veg 5 – Kvernhusmyrane gjer tilkomst til rådhuset, vidaregåande skule og utviklingsområde for offentleg tenesteyting

Veg 6 – Tilkomstveg til barneskule og kyrkje.

System

Prinsippet med at Lonsvegen, Juvikstølen, Rv 57 og E 39 omkransar planområdet og gir tilkomst til funksjonar i området er vidareført i planforslaget. Det er heller ikkje i planforslaget opna for at det skal vere mogleg å køyre gjennom området. Det er ynskjeleg å prioritere dei mjuke trafikantanes tilgjenge i og gjennom området.

For køyreveggar i området er det nokre endringar i forhold til dagens system. Den viktigaste er at tilkomst til Knarvik vidaregåande skule er flytta frå Juvikstølen og til E39. Bakgrunnen for dette er at trafikksituasjonen i Juvikstølen er kaotisk morgon og ettermiddag.


I planforslaget er tilkomstveg til ny barneskule og kyrkje kopla på Lonsvegen. For kyrkja gir det ein logisk kopling mot kyrkjegarden. For skulen gir det kopling mot planlagde, store bustadområde på nordsida av Lonsvegen, samtidig som det gir kortast mogleg veg ut på "Ringvegen".

Kjørevegar

Tilkomst til Rådhus og vidaregåande skule ligg i same trasé som dagens veg til Rådhuset. Vegen er i planforslaget foreslått utvida med fortau på begge sider av vegen. Dette er med bakgrunn i at det vil morgon og ettermiddag vere stor trafikk med mjuke trafikantar til og frå ungdomsskule og vidaregåande skule, og vegen er såleis ein viktig del i gs-vegnettet i Knarvik.

Juvikstølen er i planforslaget vist med tosidig fortau fram til ungdomsskulen. Delar av dette fortauet er allerede bygd.

Til planlagt kyrkje og barneskule er det i planforslaget vist ein ny atkomstveg frå Lonsvegen over Kvernhusaugane. Vegen skal ha utforming som gjer låg fart på vegen, og ein-sidig fortau.



Normalprofil veg 2.

4.3.2 Gang- og sykkelveg

Det er i planforslaget lagt opp til eit finmaska GS-vegnett i planområdet. Intensjonen er å gjere det enklare å gå eller sykle i området slik at dette vert prioriterte framkomstmiddel.



Overordna GS-vegssystem i planområdet

- GS1 – eksisterande gang- og sykkelveg langs Lonsvegen
- GS2 – eksisterande gang- sykkelveg frå veg 2 og ned til Stallane
- GS3 – ny gang- og sykkelveg mellom Lonsvegen og veg 2 ved barneskulen
- GS4 – eksisterande gang- og sykkelveg frå Lonsvegen inn i idrettsparken
- GS5 – eksisterande gang- og sykkelveg frå Juvikstølen/Lonsvegen til torget
- GS6 – gang- og sykkelveg mellom Juvikstølen og Kvernhusmyrane
- GS7 - ny gang- og sykkelveg mellom veg 2 og torget
- GS8 – eksisterande gang- og sykkelveg langs P5
- GS9 - gang- og sykkelveg mellom Juvikstølen og Lonsvegen langs T2.
- GS10 – ny gang- og sykkelveg langs P3
- GS11 – gang- og sykkelveg ved veg 5
- GS12 – gang- og sykkelveg ved veg 3
- GS13 – gang- og sykkelveg ved fylkesveg 57
- GS14 – ny gang- og sykkelveg ved P3

4.3.3 Parkering

Planområdet er stort og rommar forskjellige funksjonar som har forskjellige krav og behov for parkering. Området er å rekne som sentrumsnært, og det bør i slike høve reduserast på talet P-plassar for å redusere trafikken til/frå og i området. Det må likevel opprettast så mange p-plassar at ein unngår parkering langs med veg og anna ulovleg parkering.

Det vart i analysefasen gjort ei vurdering for parkeringsbehovet for området. Hovudutfordringa var at gjeldande parkeringsnorm var eigna for mindre tettbygde strøk, ikkje sentrumsnære og relativt tettbygde strøk som planområdet. Lindås kommune sin parkeringsnorm er gitt i vedtekt til plan- og bygningslova (2008) §69 den 20.01.1998. Utdrag frå parkeringsnorma for aktuelle funksjonar i planen er vist i tabellen under:

Funksjon	Parkeringstal
Kontor	1 plass pr 40m ²
Større kontorområde	1 plass pr 100 m ²
Skuler*sjå «Barneskule» i tabell under	1 plass pr tilsett og 1 plass pr 15 elev
Forsamlingslokale	1 plass pr 10 m ²
Bustader	2 plassar pr bustad

På grunnlag av konkret vurdering og erfaring med dagens parkeringssituasjon i området, har kommunen lagt følgjande parkeringskrav til grunn i planforslaget som vist i tabellen under:

Funksjon	Parkeringstal
Kontor / administrasjon	1 plass pr 30 m ² BRA
Ungdomskule	1 plass pr tilsett
Barneskule	0,3 plass pr tilsett og 0,1 plass/mulig antall samtidig tilstedeværende ²
Vidaregåande skule	1 plass pr tilsett og 1 plass pr 10 elev
Forsamlingslokale, kyrkje	1 plass pr 30 m ² BRA
Omsorgsbustader	1,5 plass pr bueining

For idrettsparken vart det rekna særskilt kor mange p-plassar det er trong for, med bakgrunn i dei banane / aktivitetane som finst. P-plassane skal dekke behovet ved ordinær bruk på kveldstid på vekedagane. Spesielle arrangement krev at andre plassar i nærleiken vert tatt i bruk for parkering. I tabellen under er det vist parkeringsbehov for idrettsparken, fordelt på område:

² Endra med planendring 30.05.2017

Baner/aktivitet	Parkeringsbehov (P-plassar)
I1 – Idrettshall	180
I2 – Grusbane	25
I3 – Friidrett og to 11'ar baner	50
I4 – Servicebygg	10
I5 - 7'ar bane kunstgras	15
I6 – Skøytebane	15
I7 – Nærmiljøanlegg	0
TOTALT	295

Med bakgrunn i parkeringskrav frå kommunen er det rekna ut eit konkret parkeringsbehov for dei enkelte byggeområda i planen. Tabellen under viser behov for områda på dag- og kveldstid, samt kva P-plass dei enkelte områda kan nytta:

Funksjon	Behov dag	Behov kveld / helg	Sambruk dag/kveld	P-område i planen
T1 – Barnehage (privat)	14	0	Nei	P2
T2 – Barnehage (offentleg)	43	0	Ja	P6
T3 – Barneskule	40 ³	40 ⁴	Ja	P3, P1
T4 – Ungdomsskule	48	0	Ja	P5
T5 – Vidaregåande skule	112	0	Etter avtale	Eigen
T9 – Kyrkje	75	75	Nei	Eigen
T11 – Forsamlingshus, musikkhus	0	30	Ja	P5
T12 – Rådhus/adm.	97	0	Ja	T13
T13 – Off. tenesteyting	133	0(*)	Ja	T13
I1-I7 – Idrettsparken	- (**)	295	Ja	P4, P5, T13, P1, P3, P2
TOTALT behov i området	562	440		

T6, T7, T8 og T10 (omsorgsbustader og forsamlingshus / bedehus) er ikkje tatt med i tabellen. Dei løyser parkeringsbehovet innanfor eige område, og påverkar ikkje den totale parkeringsrekneskapen for planområdet.

(*)Avhengig av kva for funksjonar som vert bygd på T13 kan det verte behov for parkeringsplassar på kveldstid generert av desse funksjonane.

(**)Idrettsparken har behov for nokre P-plassar på dagtid, men langt mindre enn på kveldstid når det er treningar / kampar på anlegga. P4 gjer god parkeringsdekning for idrettsparken på dagtid.

³ Ved planendring 30.05.2017 er parkeringsløyising og behov for antall p-plasser vurdert på ny.

⁴ Ved planendring 30.05.2017 er parkeringsløyising og behov for antall p-plasser vurdert på ny.

I planen er det vist fleire store P-anlegg. I tabellen under er desse omtalt og det er gitt ein oversikt over kor mange plassar dei rommar.

Parkeringsplassar i planen	Sambruk	P-plassar dag	P-plassar kveld
P1 (Gravplass) / (Barneskule)	Ja	40	40
P2 (Barnehage privat)	Ja	14	0
P3 (Barneskule offentleg)	Ja	22 ⁵	22 ⁶
P4 (Idrett og friluftsliv)	Ja	100	100
P5 (Ungdomsskule, friluftsliv og idrett)	Ja	106	106
P6 (Barnehage offentleg)	Nei	43	43
T9 (Kyrkje)	Nei	75	75
T13 (Nytt byggeområde)	Ja	250 (500)	250 (500)
TOTALT		650 (900)	636 (886)

Ved større arrangement i Nordhordlandshallen og/eller idrettsparken vil grusbana (I2) med ca 100 plassar også kunna nyttast til parkering. Elles må det ved slike arrangement gjerast avtalar for parkering i og utanfor planområdet, til dømes på ferjeleiet og vidaregåande skulen.

Det er i planen vist 75 P-plassar ved kyrkja. Dette svarar til det definerte behovet til kyrkja. Ved utarbeiding av utanomhusplan for kyrkja må plassering og utforming av parkeringa vurderast nærare. Ein reduksjon av P-plassar ved kyrkja er mogleg fordi P1 (40 plassar) også står til disposisjon for brukarar til kyrkja på dagtid. Ved større gravferder eller andre arrangement i kyrkja må ein rekna med å gjere nytte av nærliggjande parkeringsplassar i tillegg til eigen parkering. Det vil gjelde anlegg i T13 og P4 i tillegg til P1. Utanom skuletid vil også P3 kunne nyttast. Det er inngått privat avtale mellom barneskulen og kyrkja/gravplassen om sambruk av P1. 18 av dei 40 parkeringsplassane her er sett av til barneskulen, og 22 av plassane tilhøyrer kyrkja/gravplassen.

For idrettsparken vil det vera tilgjengeleg 206 plassar i nærleiken av idrettsparken (P4 og P5) på kveldstid. Reknar ein med dei andre offentlege P-plassane i gangavstand som kan nyttast vil det vera tilgjengeleg 561 plassar (P1, P3, P4, P5, P6, T13) på kveldstid. Ved samtidig bruk av alle anlegga er parkeringsbehovet for idrettsparken vurdert til å vera 295 plassar. Slik sett er parkeringsdekninga i området god.

Behovet for parkeringsplassar på kveldstid vil kunne auke når byggeområdet T13 vert bygd ut. Det må gjerast ei grundig analyse i detaljreguleringa for T13 om kva slags parkeringsbehov utbygginga vil generere, slik at behovet vert dekt gjennom bygging av tilstrekkeleg med plassar i eit P-kjellaranlegg i området.

⁵ Talet er justert ved planendring 30.05.2017.

⁶ Talet er justert ved planendring 30.05.2017.



Oversikt over parkeringsplassar med sambruk dag/kveld

4.3.4 Vatn og avlaup

Nye VA-leidningar er føresett lagt i samband med vegtiltak. For kvart delområde skal det utarbeidast VA-rammeplan som viser vassforsynings-, overvass- og spillvasssystemet, samt uttak for brannsløkking.

4.3.5 Biobrenselanlegg

Planforslaget har lokalisert biobrenselanlegg langs Lonsvegen ved eksisterande trafo-kiosk. Det er i planomtalen drøfta i alt fire alternative lokaliseringar, sjå kap 6.4.

Biobrenselanlegg inneheld fyringsrom med pipe på 10-12 meters høgde og ein silo for brensel. Nødvendig areal er ca 1 daa, og skal vere tilgjengeleg for leveranse av flis med lastebil om lag ein gong i veka.

4.4 Grønstruktur

Planforslaget inneheld følgjande underføremål til plan- og bygningslova §12-5 nr 3:

- Friområde
- Park
- Grønstruktur

4.4.1 Grønstruktur

Areal er del av den overordna samanhengjande grønstrukturen som bind saman friområde og friluftsområde med gangvegssystem og eit meir finmaska stinett.

G1 og G2 er buffersoner mellom byggeområde, og kan nyttast til snarveggar med enkel opparbeiding av sti på terreng.

G3 ligg mellom T4 ungdomskulen og T13 offentleg tenesteyting. Arealet skal invitere til snarveg mellom T5 vidaregåande skule og idrettsparken/torget. Det skal opparbeidast sti i området som også skal knyte saman uteområda i T4 og T13.

G4 er grøntareal langs GS9.

4.4.2 Friområde

Fri 1 – haugen mellom Lonsvegen og T1 barnehage er avsett til friområde som buffer mot Lonsvegen. Haugen kan vere ein ressurs for lek og fysisk aktivitet for mellom andre barnehagen.

Fri 2 - Juvikvarden er avsett til friområde for å ta vare på eit viktig landskapselement som avgrensar sentrum av Knarvik. I området kan det ryddast og etablerast stiar og sitjeplassar og leggjast til rette for aktivitetar i form av enkle konstruksjonar med vekt på tilpassing til naturleg terreng og vegetasjon.

Fri 3 – Juvikstølen skal ivaretakast som eit viktig grønt landskapselement mellom sentrum og bustadområdet vidare mot nord.

4.4.3 Park

Park 1 mellom torget og Knarvik senter skal opparbeidast med parkkvalitetar som styrkar kontakten mellom øvre og nedre nivå i sentrum. Funksjonelt skal den oppretthaldast med gangsti. Utforminga av parken skal planleggjast samtidig med torget for å sikra gode overgangar og samanhengar.

Park 2 ved innkjøringa frå Lonsvegen til idrettsparken i nord skal framheva Lonselva som det sentrale landskapselementet, gi ein trivleg velkomst til idrettsparken, og tilby areal til lek og rekreasjon.



Park 1 i dag – gangveg frå senteret opp mot idrettshallen og rådhuset.



Park 2 i dag – Lonselva er open, og det ligg til rette for ei landskapsopprusting.

4.5 Omsynssoner

4.5.1 Sikringsone

Frisiktzone er avsett etter gjeldande reglar ved alle avkjørsler og kryss. Utstrekninga av frisiktsonene er vist på plankartet.

Støyzone for støy frå vegtrafikk langs riksveg 57 på over 65 dB er lagt inn i plankartet. Støysona er henta frå utrekningar gjort av Kilde akustikk AS i 2007i samband med kommunedelplan for Knarvik og Alversund. Det er ikkje planlagt ny utbygging i denne sona.


Høgspenningsanlegg er avsett som sone i 5 meters omkrets rundt areal for nettstasjon/trafo.

4.5.2 Sone med særlege omsyn

Omsyn landskap skal sikre at verdien som landskapselement blir ivaretatt i områda T5 vidaregåande skule og I7 nærmiljøanlegg.

4.6 Skildring av framlegget til planendring 30.05.2017

4.6.1 Plankart



Illustrasjon: Ny trafikal løysing.

4.6.2 Byggjegrænse

Byggjegrænsa i felt T3 er endra med ei mindre utviding for å innpasse to hjørne i den prosjekterte skulen. Utvidinga er på ca 35 m² BYA. BYA på den opphævelege byggjegrænsa var på 7912 m². Aukinga er på 0,45%.

4.6.3 Høgde

Høgde satt i plankart, 12 m, endrast ikkje. Men føresegnene (sjå nedanfor) endrast slik at tekniske rom på tak kan gå 0,5 meter over denne maksimale høgda.

4.6.4 Vegløyising og parkeringsløyising

Løysinga for tilkomstveg og parkering er endra slik at det ikkje lenger går bilveg og gang- og sykkelveg (Veg 7 og den opphavlege G/S10) mellom T1 (barnehagetomta) og T3 (skuletomta).



Illustrasjon: Ny trafikal løysing.

Tilkomst for besøkande med bil vil med endringa vere frå Veg 1 (Lonsvegen) via Veg 2 til parkeringsplass (P3) ved skulen og same veg tilbake. Tilsette ved skulen vil ha parkering på P1 ved Lonsvegen.

Tilkomst for foreldre som køyrar borna til skulen vil vere frå Veg 1 (Lonsvegen) via Veg 6 til avsetningslomme, som er flytta mot sørøst, for å sleppe av borna og same veg tilbake. Ved levering på SFO kan foreldre nytte kyrkja sin parkeringsplass P7 for parkering i korte tidsrom. Det er laga eigen avtale med kyrkjeleg fellelsråd.

Parkering P3 for skulen har fått ei annan utforming og er flytta mot aust. Storleiken er tilpassa 22 parkeringsplassar og veggeometri er tilpassa stor lastebil.

Opphavleg gang- sykkelveg, G/S 10, er fjerna som føremål. Funksjonen denne vegen hadde, er ivareteke gjennom bestemmelsesområde #1. Innanfor dette området står ein fritt til å disponere skulen sitt uteareal til gang- og sykkelforbinelse for skulens brukarar og allmenta. Ny G/S 10 er lagt inn langs parkeringsplass P3.



Illustrasjon: utsnitt plankart

4.6.5 Føresegner

- **§ 1.1 Materialbruk på støttemurar.**

Føresegna vert endra:

«Støttemurar skal planleggjast saman med bygg og vegar. ~~og byggjast eller blendast med naturstein.~~»

- **§ 2.3.2 Krav til ferdigstilling**

Føresegna vert endra:

«Følgjande tiltak skal vere gjennomført før ferdigstilling av:

T3 - skuleområde:

Etablering av P3

Etablering av GS3

Etablering av GS10 og GS14

Etablering av gang- og sykkelsamband innanfor

Bestemmelsesområde #1

Etablering av gangpassasje gjennom skuleområdet frå GS3 til Veg 4

Etablering av mellombels forbindelse for gåande og syklende gjennom 17 frå barneskule T3 til idrettsparken

T4 – skuleområde:

Etablering av T13

T9- kyrkje:

Etablering av veg 6

	<i>Eablering av GS7</i>
	<i>Eablering av P1 og P7</i>
<i>T13 – kombinert:</i>	<i>Opparbeiding av gatetun mot T12-rådhus</i>
	<i>Oppgradering av veg 5 og ny avkjøring til T5</i>
	<i>Opparbeiding av torg og park 1</i>
<i>I6 – skøytebane:</i>	<i>Ferdigstilling av P4</i>
<i>Torg:</i>	<i>Eablering av parkeringsanlegg i T13 og T4 før eksisterande parkeringsplassar blir fjerna. Fjerning av parkeringsplassar kan skje etappevis dersom erstatningsplassar blir etablert og området nytta og møblert i samsvar med intensjonen for torget.»</i>

▪ § 3.1 Grad av utnytting og byggehøgder

Føresegna får eit tillegg:

«Utnyttingsgrad i %BRA og maksimale byggehøgder er oppgitt på plankartet og i føresegner til delfelta. All parkering inngår i grunnlaget for utrekning av BRA, med unntak av dei parkeringsplassane som inngår i arealføremålet parkeringsplassar og er knytt opp til ulike delfelt, jf. § 4.8.»

▪ § 3.5.3 T3 er nytt skuleområde

Føresegna får endringar i høgde, tomtutnytting, parkering og forbindelsar for gåande og syklande:

«Det kan oppførast bygg og anlegg knytt til undervisning på området.

Det er tillate med bygg oppført i 3 etasjar med maksimal byggehøgde på 12 m.

Teknisk rom på tak er tillate oppført inntil 0,5 m over maksimal byggehøgde.

Idrettshall kan ha ei byggehøgde på inntil 15 m. Høgste tillate tomteutnytting er sett til %BRA=30% 45%.

Parkering skal skje på parkeringsplass P3 og P1. P1 skal vera i sambruk med Knarvik Kyrkje.

~~Krav til parkering er sett til 1 plass pr tilsett.~~ Krav til parkering er sett til 40 plassar. Av desse er 18 plassar avsett til barneskulen. Henting og bringing av elevar skal primært skje i avsetningslomme langs ~~veg 2~~ Veg 6.

~~Inne på skuleområdet~~ På P3 skal det etablerast minimum 2 parkeringsplassar for rørslehemma.

Plassering av bygg skal ta omsyn gode kvalitetar på uteareal med omsyn til lokalklimatiske tilhøve som sol og vind. Illustrasjonsplan for området er rettleiande og skal leggjast til grunn ved handsaming av rammesøknad med omsyn til hovuddisponering av uteområdet.

Terrengarrondering og bygging av anlegg og konstruksjonar og leikeapparat som er del av skulen sitt uteområde er tillate utanfor byggegrensa, og i samsvar med godkjend utomhusplan, jf pkt 2.1.2.

Sykkelparkering med tak er tillete oppført utanfor byggegrensa.

Det skal fysisk vera ein open og tilgjengeleg gangpassasje frå gangveg GS3, gjennom skuleområdet, via sti i grønstruktur G1 og til gangveg frå Stallane ned til E39. Passasjen skal vera tilgjengeleg for allmenta ~~utanom skuletida~~ heile døgnet. ~~Passasjen er illustrert med stisymbol på plankartet.~~

Gjennom T3 skal det vere tilrettelagt for syklande og gåande mellom G/S 2 og G/S 3. Jfr, § 7, Bestemmelsesområde #1.

Det kan opparbeidast sti med inntil 2,5 m breidde mellom P7 og skuleplassen, etter prinsippet som er vist i illustrasjonsplanen for T3. Stien skal følgje naturleg terreng og ikkje medføre vesentlege terrenginngrep. Eksisterande vegetasjon skal bevarast i størst mogeleg grad, slik at området framstår som eit naturleikområde.

Det er sett rekkefølgekrav, jf. punkt 2.3.»

▪ § 3.5.9 T9 er område for ny kyrkje

Føresegna får eit tillegg:

«Det skal oppførast kyrkjebygg på området. Det er tillate med bygg oppført med maksimal byggehøgde på kote +76, og for klokketårn +90. Høgste tillate tomteutnytting er sett til %BRA=40%.

Krav til parkering er sett til 1 plass pr tilsett og 1 plass pr 30 m² BRA bygg.

Det kan etablerast grusa sti med inntil 1,25 m breidde mellom G1 og kyrkja. Stien skal følgje naturleg terreng og ikkje medføre vesentlege terrenginngrep.»

▪ § 3.6.7 I7 er område for nærmiljøanlegg

Føresegna får eit tillegg:

«Anlegget skal reserverast for uorganisert aktivitet for barn og unge. Mindre lette anlegg og konstruksjonar med god terrengtilpassing kan tillatast. Tiltaka skal vere i samsvar med godkjent utomhusplan, jf § 2.1.2.

Det skal etablerast forbindelse for gåande og syklande gjennom I7 frå barneskule T3 til idrettsparken. Før godkjent utomhusplan ligg føre, kan forbindelsen etablerast mellombels som ein sti med inntil 2,5 m breidde. Stien skal følgje naturleg terreng og ikkje medføre vesentlege terrenginngrep. Ved planlegging av I7 kan stien tilpassast nærmiljøanlegget og gjerast permanent. Trafikktryggingstiltak for kryssing av Veg 6 skal etablerast samstundes med og knyte seg på mellombels/permanent sti over I7.»

▪ § 3.9.1 -Energianlegg

Føresegna er ny:

«Energianlegg er område for nettstasjon/trafo. Byggegrensa ligg i føremåls grensa.»

▪ § 4.1.6 -7 Vegar

Føresegna er omarbeida på denne måten:

«4.1.6 Veg 6 er køyreveg frå Lonsvegen, veg 1, og til kyrkja, mellom I6 og Fri1 / T1. Vegen er offentleg og skal vera tovegskøyrd. Det er sett av areal til av- og påstiging langs veg 6 ved T3 barneskule.

~~Ei mellombels løysing for tilpassing av overgangen mellom veg 6 og veg 7 kan avklarast i rammesøknaden til veg 6.~~

~~4.1.7 Veg 7 er ny, og skal binde saman veg 2 og veg 6. Det er sett av areal til av- og påstiging ved T3 barneskule. Ved behov kan arealet også tene som areal for buss. Detaljert byggeplan må sikre at dette blir ivaretatt ved gjennomføring.»~~

▪ **§ 4.3.10**

Føresegna er endra.

«~~GS10 er gang- og sykkelveg ved veg 7 langs P3.~~»

▪ **§ 4.3.14**

Føresegna er ny.

«GS14 er gang- og sykkelveg ved P3.»

▪ **§ 4.8.1 Parkeringsplassar**

Føresegna er endra på denne måten:

«P1 er offentlig parkeringsplass primært knytt til gravplassen sør-aust for planområdet og T3 Knarvik barneskule.»

▪ **§4.9 Krav til parkeringsdekning.**

«~~Barneskule og Ungdomskule~~ 1 plass pr tilsett
Barneskule 40 plassar»

▪ **§ 5.3.1 Friområde 1**

Føresegna har fått eit tillegg:

«Fri 1 kan opparbeidast med enkle konstruksjonar for lek og fysisk aktivitet. Alle tiltak skal vere reversible til naturleg terreng. Det kan etablerast grusa sti med breidde inntil 1,25 m. Stien må følgje naturleg terreng og ikkje medføre vesentlege terrenginngrep.»

▪ **§ 6.1.3 Høgspenningsanlegg H370**

Føresegna er ny:

«Høgspenningsanlegg H370. Det er ikkje tillate å oppføre brennbare bygningsdelar eller konstruksjoner innanfor omsynssoona som er i konflikt med nettstasjonen.»

▪ **Ny § 7 Bestemmelseområde**

Det leggst til slik føresegn:

«§7 Bestemmelseområde #1
I området skal det vere trinnfri forbindelse for gåande og syklende, tilgjengeleg for allmenta heile døgnet. Det skal vere fri passasje gjennom bestemmelsesområdet i ein bredde på minimum 2,5 meter. Gang- og sykkelarealet skal markerast særskilt der det kryssar P3, men treng ikkje markerast særskilt utover dette, og kan vere ein del av det øvrige dekket på skuleplassen.»

Anna

Føresegna er endra på dei punkt endringar i plankart har medført endringar av nummerering av veger og anna.

Føresegna er dagsett 29.09.17

5. Risiko og sårbarheit

Kommunedelplan Knarvik – Alversund tek for seg vurderingar av risiko og sårbarheit knytt til flaum/overvatn og trafikk/trafikksikring. Byggeområda i planen er vurdert som trygg i høve til rasfare og andre naturskapte risikoar. Det er ikkje kjente eller pårekelege spesielt farefulle friluftslivs eller friområde som krev tiltak.

Byggeområda i planforslaget er i samsvar med kommunedelplanen, og vurderingar som er gjort i der ligg til grunn for risikovurderingane under.

Flaum og overvatn

Lonena sin funksjon som utjammingsbasseng blir ikkje påverka av tiltak i planforslaget. Lonselva har normalt låg vassføring, og det er ikkje kjent problem med flaum i vassdraget. I samband med framtidig utbygging av bustadområde ved Lonena er det krav til utarbeiding av ein urbanhydrologisk delanalyse. Det er i planforslaget sett krav til utarbeiding av VA-rammeplan for kvart delfelt som mellom anna skal syne korleis overvatn blir handtert.

Trafikk og trafikksikring

Planområdet har høg konsentrasjon av tenester og fritidstilbod for barn og unge. Målet er at flest mogleg kan ta seg fram til fots eller på sykkel. Gang- og sykkelveggar er søkt lagt i naturlege ferdselsårer mellom sentrale målpunkt, til og frå busshaldeplassar/-terminal, og knytt til omkringliggjande bustadområde.

Parkeringsplassar er lokalisert nær hovudvegane og inntil gangveg/fortau mot aktivitetsområda for å sikre ein trygg tilkomst frå bil til målpunkt for reisa. Dette må følgjast opp gjennom sakshandsaming av detaljerte utomhusplanar og byggeplanar. Frå eksisterande parkeringsplass P5 må ein krysse Juvikstølen for å komme til idrettsparken og skuleområdet. Kommunedelplanen seier at det skal gjennomførast fartsreducerande tiltak i Juvikstølen. Trafikksikringstiltak må handsamast som eige sak.

Gjennomføring av planen vil medføre auka trafikk i Lonsvegen og Kvernhusmyrane. Planen legg til rette for at hoveditkomst til vidaregåande skule blir frå E39 og Kvernhusmyrane. Det vil avlaste ”gymnaskrysset” mellom Rv57 og Juvikstølen, og gje mindre trafikk fram til Juvikstølen ned langs ungdomsskulen.

5.1 Risiko og sårbarheit ved planendring 30.05.2017

Det er vurdert at planendringa berre utgjer mindre vesentlege endringar som ikkje endrar vurderingar knytt til risiko og sårbarheit.

6. Alternativ vurdering av arealbruk


Gjennom arbeidet med planen har det vore mange drøftingar og vurderingar omkring lokalisering av dei større offentlege bygga, prinsipp for kjøremønster og parkering, gangveggar og grønstruktur.

Planendring 30.05.2017

Det er vurdert at planendringa ikkje endrar intensjonar og bakgrunn for arealbruken.

6.1 Lokalisering større offentlege bygg

Arealanalysen (datert august 2009) ligg til grunn for planutforminga med følgjande prinsipp for arealbruk:



Oppsummert konkluderer arealanalysen med følgjande tilråding for lokalisering av større offentlege bygg og arealoppgåver:

- Kyrkje på Kvernhusaugane vest
- Ny barneskule på Kvernhusaugane aust
- Andre offentlig eformål for idrett og kultur i sentralaksen mellom ungdomsskule og Knarvik senter
- Omsorgsbustader på Stallane nord
- Juvikvarden friområde for naturleikeplass og uorganiserte aktivitetar.
- Juvikvarden sør kan utviklast seinare for privat og/eller offentlig tenesteyting.

Våren 2010 vart det avhalde arkitektkonkurranse for Knarvik kyrkje mellom 5 prekvalifiserte arkitektar. Vinnarforslaget ligg til grunn for dei rammene som no er lagt inn i plankart og føresegner. * Kyrkja vart oppført mellom 2013 og 2015.

6.2 Lyngtunet og ny barneskule

Planarbeidet har søkt å finne ei lokalisering av Lyngtunet, ei specialeining for demente med ca 40-60 bueiningar nær sjukeheimen. Området skal ha gode bukvalitetar, ein topografi som tillet universell utforming, og eit areal på minimum 7 daa. Kvernhusaugane er sentral i forhold til sjukeheimen.

Barneskulen skal sikrast eit stort nok areal for framskriving av elevtal på ca 400. Det vil seie at skuletomta må vere om lag 25 daa. Lokalisering på Kvernhusaugane er sentral i høve til både eksisterande og framtidige bustadområde, og det er nærleik til idrettsparken og friluftsområde.

I planprosessen har det vore søkt å finna plass for begge funksjonane på Kvernhusaugane. Ulike vegframføringar har vore utprøvd. Hovudproblemstillinga har vore god terrengtilpassing av veggen og eigna areal til dei to formåla. To alternativ har vore drøfta:



Alternativ 1

Lyngtunet lokalisert mellom gangveg og kjøreveg.

Gir bra nærleik til sjukeheimen, men ikkje universell tilgjenge.

Barneskulen lokalisert mellom kjøreveg og idrettsstadion.

Kuppert terreng som inneber store terrengingrep for plassering av bygg og universelt tilgjengelege uterom. Idrettsformål får redusert areal.

Ubygd areal sør for barneskulen som er vanskeleg å nytta til aktuelle formål.



Alternativ 2

Lyngtunet lokalisert mellom Lonsvegen og Stallane.

Lang avstand til sjukeheimen. Arealet er kanskje meir aktuelt som anna omsorgsbustad..

Barneskulen lokalisert mellom kjøreveg og bustadområde Stallane.

Tomta har to "flate" høgder med eit bekkesøkk mellom. Universelt tilgjengelege uterom er mogleg.

Kjøreveg tydeleg skilje mellom byggeområde og idrettspark.

Kjøreveg får best mogleg terrengtilpassing.

I planforslaget er det konkludert med at alternativ 2 gir mest framtidsretta og tydelege arealbruken i området. No kan det avsetjast nok og godt eigna areal til skuleformål. Det er ein svært viktig funksjon for eit godt nærmiljø i Knarvik. Lyngtunet i seg sjølv er ikkje avhengig av å liggje sentralt i Knarvik, men det er sterke driftsfordelar av at det ligg nær anna institusjon med ulik spesialkompetanse innan helse og omsorg. Tomt til Lyngtunet er også med i arealprogrammet til områdeplan for Knarvik sentrum.



Situasjonsplan med 1.etasje i bygg.






Fasader mot sør og mot vest.

Lindås kommune fekk i 2000 utarbeidd eit skisseprosjekt av Tveit Arkitektkontor AS, der teikningane over er henta frå. Dette prosjektet illustrerer at tiltak her vil krevje store terrenginngrep med plassering av bygg og etablering av veg. På grunn av høge krav til universell tilgjenge både ute og inne er bygningskroppen lite fleksibel i høve til terreng. Skisseprosjektet har tilsvarande lokalisering som i alternativ 1.

6.3 Idrettsparken


Plassering av skøytebane har vore drøfta i planprosessen. Plankonsulent har tilrådd å leggje bana i eit felt langs Lonsvegen for å gi anlegget ei god tilpasseing til terrenget, nødvendig sideareal til bana og god tilkomst for kjørande og gåande, sjå alternativ 1 under. Kommunen har vektlagt at eksisterande kunstgrasbane 7'ar-bane må oppretthaldast, dermed er det alternativ 2 eller 3 som er aktuelle.

Skissene under viser eit rektangulært areal for skøytebane/treningsfelt på 70 x 140 meter. Det gir godt med sideareal til ei isflate på 60 x 126 meter.

	<p>Alternativ 1</p> <p>Alternativ der 7'ar bana blir erstatta av skøytebane.</p> <ul style="list-style-type: none"> - god terrengtilpassing - høgdene urørt av større terrenginngrep - parkeringsareal effektivt utnytta mellom bane og veg - 7'ar bana må flyttast
	<p>Alternativ 2</p> <p>Alternativ der 7'ar bana blir urørt.</p> <ul style="list-style-type: none"> - store terrenginngrep - gode sideareal til bana på langsiden - grip inn i areal til barnehage, erstatningsareal gjennom makebyte kan vere aktuelt
	<p>Alternativ 3</p> <p>7'ar bana blir urørt. Forslaget er i prinsippet i tråd med innspel frå Nordhordland skeiseklubb.</p> <ul style="list-style-type: none"> - store terrenginngrep - knapt med sideareal, unntatt mot vest - ligg innafor eit naturleg avgrensa landskapsrom

6.4 Biobrenselanlegg

I planarbeidet er det gjort vurderingar rundt mogleg plassering av eit eventuelt biobrenselanlegg. Fire alternative plasseringar er vurdert.



Alternative plasseringar av biobrenselanlegg

Alternativ 1:

Biobrenselanlegg plassert ved planlagt GS-veg mellom Lonsvegen og ny barneskule. I planen er området i utgangspunktet satt av til friområde. Terrenget er kuppert, og etablering av biobrenselanlegg her medfører at ein må sprengje seg inn i ein kolle.

Alternativ 2:

Biobrenselanlegg plassert ved Lonsvegen ved innkøyringa til ny skule og kyrkje. Dersom ikkje det vert etablert biobrenselanlegg her vil det verte etablert ein P-plass med ca 40 plassar. Ved etablering av biobrenselanlegg vil ein kunne få ein sambruk, men med eit redusert tal parkeringsplassar.

Alternativ 3:

Biobrenselanlegg plassert ved Lonsvegen ved etablert trafo. Området er allereie planert i samband med etableringa av trafoen. Det ligg skjerma til i forhold til andre bygg i området. Utan ein etablering av biobrenselanlegg her kan det etablerast rundt 35 P-plassar her. Ved etablering av biobrenselanlegg her kan ein få ein sambruk, men med eit redusert tal parkeringsplassar.

Alternativ 4:

Biobrenselanlegg plassert sør for dagens vidaregåande skule. Området anlegget er plassert i er i planen satt av til friområde. Tilkomst til anlegget frå hovudvegen er enkel via den nye rundkøyringa som er etablert på E39.

I tabellen under er dei ulike alternativa vurdert i høve til tema som omgjevnader, trafikktryggleik, parkering og kostnader. Cellene i tabellen er gitt ein farge, alt ettersom om plasseringa er god eller ikkje. Rød er ikkje god plassering i forhold til temaet, gul gir inga endring for temaet, og grøn er god plassering i forhold til temaet:

	Alternativ 1	Alternativ 2	Alternativ 3	Alternativ 4
Omgjevnader / terreng	Ligg tett opp til planlagt idrettsanlegg. Medfører terrenginngrep i kolle.	Ligg i nærleiken av etablert barnehage og planlagde omsorgsbustader. Medfører skjering på 5-6 m.	Ligg i nærleiken av trafo. Ingen byggeområde tett inntil. Terrenget her er allereie planert.	Ligg i eit friområde, og tett opp til vgs, rådhus og planlagt utvikla område T13.
Trafikktryggleik	Avkøyringa vil ligge nær / i GS-vegen til skulen. Uheldig løysing.	Same kryss som veg inn til skulen. Gunstig for å redusere talet på kryss ut i Lonsvegen.	Sett i høve til geometrisk utforming på Lonsvegen er ikkje avkøyringa optimal.	Ligg i nærleiken av veg til vgs og rådhus, enkel tilkomst frå hovudvegen.
Parkering	Uaktuell som P-plass. Biobrenselanlegg plassert her gir moglegheit for etablering av til saman 70 P-plassar på lokasjon 2 og 3 for biobrenselanlegg.	Aktuell som P-plass. Biobrenselanlegg her gir moglegheit for etablering av ca 35 P-plassar på lokasjon 3 for biobrenselanlegg.	Aktuell som P-plass. Biobrenselanlegg her gir moglegheit for ca 35 P-plassar for lokasjon 2 for biobrenselanlegg.	Uaktuell som P-plass. Påverkar ikkje aktuelle P-plassar i planområdet
Kostnader	Ligg tett opp til ny planlagd veg, dette kan gje billegare anlegg totalt sett.	Ligg tett opp til eksisterande veg som er planlagt utvida og forlenga mot Juvikvarden. Dette kan gje billegare anlegg totalt sett.	Ligg tett opp til eksisterande veg. Det må graves grøft frå anlegget langs med Lonsvegen. Dette vil vere ein meirkostnad sett i forhold til dei andre alternativa.	Ligg tett opp til planlagt utvida veg og til utviklingsområde T13. Dette kan gje eit billegare anlegg totalt sett.

Dei ulike tema i alternativsvurderinga vil verte vurdert med ulik tyngde i ulike fagmiljø. Det kan ikkje anbefalast å gå vidare med alternativ 1, på grunn av plasseringa tett inntil idrett og urørt kolle, samstundes med at avkøyringa kjem midt i det som kan verte den travlaste GS-aksen i planområdet.

Alternativ 4 kan heller ikkje anbefalast, dette på grunn av at her vert anlegget plassert i eit viktig friområde, tett opp til ein gangakse. Vidare ligg det nær vidaregåande skule, dagens rådhus, samt det store utbyggingsområde T13. Det er ikkje ynskjeleg med eit slikt anlegg så tett inn til desse funksjonane.

Ein sit da igjen med alternativ 2 og 3. Vi anbefaler at ein går vidare med alternativ 3. Dette er på grunn av at omgjevnader og terrenget vert mindre berørt med dette alternativet. Det bør undersøkjast om det er mogleg å etablere parkeringsplassar i tilknytning til biobrenselanlegget.

7. Konsekvensar av planframlegget

7.1 Trafikktilhøve og infrastruktur

Etablert ringvegssystem med Lonsvegen og Juvikstølen som knyter til E39 og rv57 gir planområdet fleksibilitet i handtering av trafikk, og opnar for gjennomgåande kollektivtrafikk når området i Knarvik aust og Lonena er utbygde.

Planområdet inneheld formål med høg intensitet i bruk både dagtid og kveldstid, kvardag og helg. Det er særleg mange barn og unge som i skuletid og fritid skal ferdast i området, og det er i planforslaget lagt til rette for auka gang- og sykkeltrafikk med fokus på trafikktryggleik og tilgjenge.

Parkeringskrav gitt i føresegnene til planen er framkomme etter ei vurdering av gjeldande vedtekt og erfaring frå parkeringssituasjonen i sentrale delar av Knarvik pr i dag. Knarvik som regionsenter er i stor grad bilbasert som følgje av låg kollektivdekning ut i bygder og tettstader som naturleg nyttar seg av servicetilbod i Knarvik. For dei som bur i tettstaden Knarvik er målet å leggje til rette for at gang og sykkel blir eit naturleg førsteval for ein vesentleg del av transportbehovet lokalt.

Parkeringsbehov knytt til idrettsparken er svært varierende gjennom året og ved ulike aktiviteter og arrangement. I parkeringsrekneskapet er det lagt til grunn full aktivitet på alle baner og anlegg samstundes, noko som gir eit behov på 180 parkeringsplassar.

7.2 Friluftsliv og samanhengjande grønstruktur

Regulert gangvegssystem støttar og styrkjer etablert situasjon med gode tilkomst til dei nære turområda. Byggeområda er i samsvar med overordna plan.



Hovudgangsystemet med tilkomst til tur- og friluftsområde markert med pilar.

7.3 Born og unge sine interesser

Areal til ny barneskule er lokalisert sentralt i Knarvik for å gje flest mogleg barn gode gang- og sykkelveggar frå sitt bustadområde til skulen. Tomta er stor slik at det kan leggjast til rette for gode uterom med varierte aktivitetar tilpassa barn i ulike alder og med ulike fysiske føresetnader. Topografien skal nyttast som ein positiv ressurs for ei utfordrande og spennande skuletid og fritid på området.

Ein samanhengjande grønstruktur med eit finmaska nettverk av fortau, gangveggar, snarveggar og stiar mellom ulike målpunkt som bustadområde, busstopp, skular, idrettspark og friområde er vektlagt i planforslaget.

Område for idrett blir supplert med areal for ei kunstfrosen skøytebane. Eit slikt baneanlegg vil tilføre Knarvik og regionen eit attraktivt tilbod til utomhus-aktivitet i vinterhalvåret i vårt normalt snøfattige og milde kystklima. Her er det rom for både organisert og uorganisert aktivitet. Utanom sesong for islegging vil baneanlegget fungere som arena for ulike aktivitetar. Illustrert baneomriss er i samsvar med tilrådd standard frå skøyteforbundet, sjå også omtale under kap 4.2.3.

Arena for uorganisert leik og aktivitet blir fleire med det føreliggjande planforslaget. Utvikling av eit nærmiljøanlegg (område I7) som del av idrettsparken vil utfylle det organiserte idrettstilbodet. Det er lokalisert nær barneskulen slik at det kan vere til glede og nytte også for skulen.

Friområda i planområdet, spesielt Juvikvarden har potensial til å utviklast til eit meir attraktivt naturleikeområde. Med rydding av skog og enkel opparbeiding med stiar og lette anlegg og konstruksjonar kan området gjerast tilgjengeleg.

Torget skal ha ei utforming og materialbruk som inspirerer til meir urbane aktivitetar og hendingar. Streetbasket og rullebrett er eksempel på aktivitetar som er eigna på eit bymessig opparbeidd areal med harde flater og solid materialbruk i møblering, kantar og murar. Det er også ein sosial arena der ein blir sett og kan sjå på.

7.4 Privat og offentleg tenestetilbod

Overordna avklaring om lokalisering av ny barneskule og kyrkje vart avklart i den innleiande analysen, jf kap 6.1.

Barneskulen er gitt ei sentral lokalisering med omsyn til eksisterande og planlagde bustadområde. Skuleområdet kan nyte godt av nærleik til idrettsparken og godt tilgjenge til friluftsområde. Tomta har ein storleik og topografi som innbyr til utforming av inspirerande og utfordrande uterom for leik og aktivitet. Eigna areal til barneskule har vore eit prioritert tema i planprosessen. Samla vurdering av kyrkjetomt, vegframføring og skuletomt har fått som konsekvens at tidlegare regulert område for aldersbustader/Lyngtunet på Kvernhusaugane er tatt ut. Viser til alternativsdrøftingar om arealbruk kap 6.2.

Planforslaget har sett av areal på ca 8 daa til offentlege omsorgsbustader like nord for Stallane. Dette vil bidra til det arealbehovet kommunen har for tilrettelagde bustader.

Planområdet byr på eit variert tilbod innan idrett og kultur. Gjennom eit godt tilrettelagt gangvegsystem, nærleik til kollektivterminal og lokalisering av parkeringsplassar er tilboda tilgjengelege både for nærområdet og for tilreisande i regionen.

Vidaregåande skule er gitt utviklingsmoglegheiter med utvida areal, totalt ca 21 daa. Ungdomsskulen er også gitt noko større areal med utviding av området mot sør. Det er føresett at behovet for idrettshall blir stetta gjennom Nordhordlandshallen og evt ny idrettshall/volleyballhall i område XY.

7.5 Konsekvensar for nærmiljøet

Nærmiljøet til planområdet gjeld etablerte bustadområde i Stallane og Juvikstølen, planlagde bustadområde i aust, friluftsområdet ved Lonena, og Knarvik senter.

Planforslaget rår til å oppretthalda det overordna ringvegssystemet for å sikre god flyt i trafikken. Kjøretilkomst til dei nye byggeområda skal primært skje via ny rundkjøring til Kvernhusmyrane og rådhusområdet, og via Lonsvegen til kyrkje, skule og utvida bruk av idrettsparken. Vidaregåande skule skal på sikt ha kjøretilkomst frå sør, noko som vil ha positiv konsekvens for Juvikstølen. Samanhengjande gangvegar mellom ulike målpunkt i og utanfor planområdet legg tilhøva til rette for at lokal biltrafikk kan erstattast med auka gang og sykkelbruk.

Flytting av barneskulen vil gje mange positiv miljøkonsekvensar. Redusert støy og luftforureining, større uteareal og ei meir sentral lokalisering i høve til framtidige bustadområde. Elevar som bur vest og sørvest for planområdet får noko lengre gangavstand, men likevel innafør 1,5 til 2 km for dei med lengst veg. Ein ytterlegare konsentrasjon av skule- og idrettsanlegg vil også ha positiv effekt for mogleg sambruk av areal.

Planforslaget legg opp til ei vidare utbygging av eksisterande gangvegnett. Den samanhengjande grønstrukturen skal leggje til rette for bruk både av opparbeidde gangvegar og meir enkle stiar.

Ved gjennomføring av tiltak i planen vil Knarvik få fleire attraktive og sentrumsnære grøntareal i form av park og torg mellom kjøpesenter og område for idrett og kultur med ei fortetting av offentlege bygg som vil styrka verdien av torget som ein attraktiv møteplass i framtida. Det er prioritert ei vidare utvikling for uorganisert aktivitet i idrettsparken, og området vil då trekkje til seg fleire grupper av barn og unge.

7.6 Konsekvensar for andre reguleringsplanar

Følgjande planar blir endra og erstatta av planforslaget:

- Reguleringsplan for Knarvik sentrale delar, plan ID 1263-20092001
- Del av Gjervik Ytre, 1965
- Del av Knarvik setner, 1974
- Del av Knarvik aust, 2002

7.7 Idrett

Eksisterande baneanlegg i idrettsparken blir ikkje endra i planforslaget. Det er avsett areal til kunstisbane for lengdeløp og ishockey. Det vil utvide tilbodet for utandørs idrett i vinterhalvåret.

Det er sett av areal til bygging av eit service-/garasjebygg I2. I tillegg til å romme maskinparken i samband med drift og vedlikehald av baner kan det også vere aktuelt med ei varmestove med enkel servering.

Grusbana I2 nord for idrettshallen skal framleis ha funksjon som ei fleirbruksbane der det er tillete med parkering under større arrangement.

Område T13 opnar for bygging av symjehall og volleyball-hall. Dette vil avhjelpe brukspresset på Nordhordlandshallen, og gi rom for fleire typar hallidrettar. Det skal også byggjast fleirbrukshall ved ny barneskule når den blir etablert.

7.8 Estetikk

Markerte grønne haugar er karakteristiske og viktige landskapselement i Knarvik, og er i planforslaget tatt vare på som friområde og som omsynssone landskap. Gjennom krav til detaljert utomhusplan for dei nye utbyggingsområda skal tiltakshavar dokumentere korleis bygg og landskap blir utforma.

Bygde omgjevnader er i dag prega av større offentlege bygg med store grønne areal mellom. Det er i planen lagt opp til ei fortetting i denne opne strukturen, og inntil torg og gatetun er det krav til aktive fasadar som kan tilføre uteromma aktivitet og tryggleik.

7.9 Juridiske og økonomiske konsekvensar

Planområdet omfattar i det vesentlege offentleg eigde areal der det er planlagt offentlege tiltak. Mindre justeringar av eigedomstilhøve kjem som konsekvens av fortau langs veg 3 Juvikstølen, og gangveg GS3 langs nordre enden av T1 Knarvik barnehage.

7.10 Konsekvensar av planendringa 30.05.2017

7.10.1 Byggjegrænse

Avstand til næraste bustader på Gnr/Bnr 188/759 var før endringa 30 meter, etter endringa er avstanden 26 meter. Planendringa gjer det mogleg å plassere desse hjørna på skulen 4 meter nærare bustadene.

Bustadene på Gnr/Bnr188/759 har stovesida si mot søraust, så ein kan ikkje sjå at det kan hevdast særleg auka ulempe for innsyn.



Illustrasjon: Sol- skugge diagram med den er prosjekterte plassering av skulen.

Sol-/skuggetilhøva må likeins vurderast i høve til ei mogleg plassering av eit bygg i høve til den byggjegrensa som var fastsett i plankart før endringa. Slik vurdert har endringa kun små konsekvensar for naboeigedomen.

Som eit mindre avbøtande tiltak vert byggjegrensa i nordaust trekt nærare den prosjekterte bygningskroppen, på det meste med 8 meter. Ein slik reduksjon av byggjegrensa her overgår aukinga av byggjegrensa for dei hjørna som er omtalt over og sikrar mot seinare utbyggingar her som vil kunne gje ulempe med skugge på areal nytta til ute opphald for bustadene.

Justeringa av byggjegrensa, for å innpasse to hjørne vurderast å ha små konsekvensar og vurderast ikkje å være i motstrid til planens intensjon for plassering av skolen.

7.10.2 Tomteutnytting

Det vert vist til Fylkesmannens sin uttale ved søknad om dispensasjon, ved brev datert 14.03.2017, der det heiter:

«Når det gjeld dei konkrete forholda som det vert dispensert ifrå, må det gå klart fram av dispensasjonen at auka utnyttingsgrad ikkje vil få vesentlege verknader for skulen sine uteopphaldsareal.»

Det visast og til områdeplanens planomtale der det går fram av kapittel 1.4 Andre overordna føringar, Knarvik barneskule:

«I planarbeidet skal ny skuletomt dimensjonert for inntil 400 elevar. Med dagens nasjonale normtal for uteareal, skulebygg med gymsal, samt parkering vil det krevja eit areal på omlag 25 daa.»

Normtala det er vist til over, er frå rapporten «Skolens utearealer IS-1130. Om behovet for arealnormer og virkemidler», utgitt av Sosial- og helsedirektoratet i 2003. Lindås kommune har ikkje sett einskilde krav til uteareal, og i slike tilfelle rådar rapporten til at ein setter desse krava:

- eit generelt minimumskrav på 50 m² opphaldsareal per elev
- Minimumsareal for store skuler (dvs. fleire enn 300 elever): ca. 15 000 m². For kvar elev over 300, kjem eit tillegg på 25 m².



Illustrasjon: Utsnitt illustrasjonsplass som synar opparbeidinga av skulens uteområde..

Plankonsulent har gjennomgått endringar som planendringa medfører i høve til det over.

Med dei tala som det er råda å nytta vil uteareal for ein skule med 450 elevar vere minimum 17 250 m². Skulens uteområde er på ca 20 122 m². Storleiken på skulens uteområde er såleis innanfor minimumstala knytt til skuletypen.

Den auka tomteutnyttinga vil difor ikkje gå ut over storleiken på uteareala, og konsekvensane av å auke tomteutnyttinga er difor små.

Det visast utover dette til at til skuletomta ligg nær store, grønne areal regulert til idrettsanlegg. Noko av arealet er allereie utbygd på denne måten. Anna areal vil vere utbygd av di det er regulert med omsynssone landskap.

Samla vurdert vil skulen få gode og varierte uteareal med gode kvalitetar som vil gje borna høve til variert leik og samhandling.

7.10.3 Høgde på bygget

Føresegner for høgder i felt T3 endrast for at ventilasjonsrom på tak skal rommast av planen.




Illustrasjon: 3d som synar størrelse og høgd på skulen sett frå Veg 6

Delar av det prosjekterte skulebygget har ei høgd på 9 meter. Dette er 3 meter under den høgda planen har opna for innanfor T3, og det er såleis framleis volumrom å gå på innanfor høgdeavgrensinga. Ein ønskjer å kunne ha moglegheita til å føre ventilasjonsrom på tak inntil 0,5 meter over den maksimale byggehøgda (sjå illustrasjon over).

Næraste nabobygg ligg 26 meter unna det prosjekterte skulebygget. Det er vurdert at auka høgde for ventilasjonsromma har små konsekvensar eller ulemper for naboar.

7.10.4 Konsekvensar av endringar i veg- og parkeringsløysing

Veg 7 vert med denne planendringa ikkje realisert.



Illustrasjon: Vegsystem slik det er utbygd i dag.

Regulert Veg 7 lengst nord utgår, og avsetningslomme er flytt nord for skulen til Veg 6.

Veg 7 er fjerna. Ny trafikk-løysing vernar dei mjuke trafikkantane på ein betre måte, då ein slepp kryssing av trafikkert veg. Løysinga minskar trafikken forbi barnehagen og Stallemarka burettslag. Slik minskar også eventuell støyulempe for barnehagen og skulen sitt uteområde.

Opphavleg regulert GS10 langs Veg 7 går ut, og ny GS10 vert lagt inn langs P3. Samband mellom GS2 og GS3 oppretthaldast over skuleplassen. Dette er i planen ivareteke med § 7 «Bestemmelseområde #1». P-plass P3 vert dimensjonert med snu- og oppstillingsplass for 'Lastebil'. Parkeringsplassen kan tene til både parkering, varelevering og henting av avfall.

Det er i samband med planendringa på nytt vurdert antal parkeringsplassar det er naudsynt å anlegge til bruk for skulen.

Basert på ei totalvurdering av skulens plassering, føresegnene, elevtal, årsverk for skulen og parkeringsnorm for liknande område i Bergen kommune, har Lindås kommune konkludert med at det er behov for 40 p-plassar knytt til skulen. Ved sambruk av P1 for skule og gravplass, er det tenkt at 18 av p-plassane til skulen vert etablert her, medan det på P3 vert etablert 22 p-plassar. 3 av desse vert etablert for rørslehemma. Ved bruk av 18 plassar for skulen på P1, vil det i skuletida vera 22 plassar tilgjengeleg til bruk for gravplass/turgåere.

Ein har med denne planendringa gått vekk frå opphavleg vegløyning, ikkje berre av omsyn til naboeiendomar, men òg fordi vi meiner det gjev ein betre trafikksituasjon for dei mjuke trafikantane. GS3 går heilt inn på skulens uteområde, og vert ikkje broten av trafikkert veg.

Skulen kan vere tent med å ha ein tilrettelagd moglegheit for å gå frå skulen til idrettsbana over I7. Det er lagt inn moglegheit for opparbeiding av mellombels gangsforbindelse, utan at det føreligg godkjent utomhusplan for heile I7.

Endringane av vegløyninga vurderast å ha positive konsekvensar. Den er meir trafikksikker, gir mindre ulempe med trafikkstøy og skapar eit klårare trafikkbilete.

7.10.5 Oppsummerande kommentar ved planendring

Plankonsulent kan ikkje sjå at dei einskilde endringane har store konsekvensar. Samla sett har dei heller ikkje store konsekvensar.

Den auka tomteutnyttinga gir konsekvensar for storleiken på skulens tilgjengelege uteareal. Planen slik den føreligg, ligg likevel innanfor tilrådingane til Sosial- og helsedirektoratet har gitt i sin rettleiar frå 2003: «*Skolens utearealer IS-1130. Om behovet for arealnormer og virkemidler*». Grunnen til at tomteutnyttinga har auka, er auka elevtal og større idretts-/klatrehall. Ved å la Veg 7 gå ut av planen, har skulen derimot fått auka uteoppfallsareal mot nordaust.

Som ein vinst i tillegg til dette, gjer bortfallet av Veg 7 at ein får redusert trafikk langs nordsida på skulen og på sørsida av barnehagen og betre oversyn over trafikkbilete samt ein betre separasjon av dei ulike trafikkformane.

Samla vurdert, ser plankonsulent difor framlegget til planendring som ein forbetring av gjeldande plan.

8. Merknader til varsel om oppstart

Det er motteke 18 merknader til varsel om oppstart, derav 11 frå offentlege instansar og 7 frå private og interesseorganisasjonar. Plan- og miljøutvalet og kommunestyret vart orientert om merknadene i saksutgreiinga i samband med handsaming av analysen og val av alternativ som grunnlag for reguleringsplan, jf sak 187/09 og 71/09

Under følgjer ei oppsummering av merknadene med kommentarar knytt til korleis planforslaget tek stilling til innspelet.

OFFENTLEGE MERKNADER:

1. Statens vegvesen, 11.03.2009

Det må i planarbeidet leggjast vekt på trafikkavviklinga både på hovudveg- og lokalvegnettet i Knarvik. Det må leggjast til rette for tiltak for mjuke trafikkantar og gode løysingar for kollektivtrafikken.

Kommentar:

Innleiingsvis i planarbeidet var intensjonen at det skulle gjennomførast ei trafikktejing for strekket frå Lonsvegen si avkjørsle i E39 og til gymnaskrysset på rv 57. Det vart halde møte mellom kommunen og Statens vegvesen om dette. Hovudsakleg på grunn av ny situasjon på E-39 og omlegging av køyremønster vart det bestemt å venta med trafikktejinga til rundkøyringa er opna. Dette er eit arbeid som må gjennomførast i samband med planprosessen områdeplan Knarvik sentrum.

Parkering har vore eit viktig tema i planarbeidet. Parkeringsrekneskapet viser kor mange plassar vi meiner det er grunnlag for å etablere ved ein "samtidig kvardagssituasjon" I tillegg er det eit område som kan nyttast ved større arrangement og tek om lag 100 bilar ekstra. Slik plankartet viser no er den tyngste parkeringa lagt til den vestlege del av planområdet. Med innkøyring frå E-39 til nytt anlegg på T13 er det plass til omkring 450 bilar (?). Dette vil avlasta lokalvegen, men ved større arrangement vil inn- og utkøyringa frå anlegget påverka trafikksituasjonen på E39. Gjennom planframlegget er det søkt å trekkje biltrafikken ut frå idretts- og skuleområdet (m.a. ved etablering av torg framfor Nordhordlandshallen, og leggje parkering ved inngangen til området.

Lonsvegen er etablert med i hovudsak fortau på eine sida av vegen. Dette er vidareført i planframlegget. Det er lagt inn ein ny veg, tilkomsten til kyrkja frå aust. Den er dimensjonert med ei breidde på 6,30m, og fører til parkeringsplassen ved kyrkja. Parkeringsplassen knytt til ny barneskule er saman med avsettings lomme for foreldrekyring lagt ved vegen før ein kjem fram til barneskulen.

Innkøyringa til vidaregåande skule er flytta frå nord til sør.

For gåande og syklande vert det lagt til rette for å etablere stiar, gang og sykkelvegar gjennom heile planområdet.

2. NVE, 11.03.2009

Drenering og tetting av flater ved utbygging og asfaltering fører til raskare avrenning og hyppigare og bråare flaumar i vassdraga nedanfor, og kan auka flaumfare i mindre vassdrag.

Kommentar:

Vassdrag frå Lonena er i det vesentlege lagt i røyr. I planen er det i området park2 open vassføring, og på nedre del av torg. Problemet i dag er at det er svært låg vasstand i desse løpa. Utbygginga i dette området aleine truleg ikkje vil gje store utslag for vassføringa i Lonelva. Dette må sjåast i ein breiare samanheng når bustadområda nord for planområdet skal planleggast. Kommunedelplan Knarvik-Alversund set krav til utarbeiding av ein urbanhydrologisk delanalyse. Denne skal lagast i samband med planlegging av Lonena bustadområde.

3. Björgvin bispedømeråd, 30.03.2009

Bispedømerådet legg vekt på at lokalisering av kyrkja vert tett opp mot eksisterande senter. Sentral plassering er særst viktig då kyrkja er tenkt å vere ei 7 dagars kyrkje, og ikkje berre ei seremoni kyrkje. Både Juvikvarden og Kvernhusaugane er vurdert som høvelege. Kvernhusaugane ligg nærare kyrkjegarden, og ei god løysing for kjøreveg mellom kyrkje og kyrkjegard.

Kommentar:

Planforslaget byggjer på kommunestyret sitt val med plassering av kyrkja på Kvernhusaugane. Bispedømerådet sine merknader er med dette tatt til følgje.

4. Fylkesmannen i Hordaland, 02.04.2009

Planarbeidet ser ut til å vere i samsvar med gjeldande kommunedelplan, og ser heller ikkje ut til å vere i strid med nasjonale føringar i arealpolitikken. Viser til deira generelle innspel til oppstart av planarbeid.

Kommentar:

Sentrale tema i den nasjonale areal- og miljøpolitikken som er relevant i denne planen er særleg barn og unge sine interesser, landskap og estetikk, grønstruktur, universell utforming, barnehagar og skular, energi, areal- og transportplanlegging. Planforslaget som no er utarbeidd vurderer vi har tatt inn dei omsyn og tema som her er lista opp, og som er omtalt lengre framme i rapporten.

5. Hordaland fylkeskommune, 06.04.2009

- Lokalisering og tilrettelegging av nye institusjonar og aktivitetar må vurderast i høve til trong for transport og kapasitet på vegnettet. Det bør i størst mogleg grad skiljast mellom motorisert ferdsel og mjuke trafikkantar.
- Utviklinga av området må sjåast i samanheng med utviklinga av resten av Knarvik sentrum. Særleg viktig med ei godt kollektivnett og samordna areal- og transportbruk.
- Barn og unge sine interesser må vere grunnleggjande og premissgjevande i dette området der dei er i fleirtal av brukargruppene.
- Det må leggjast til rette for gode og sikre vegløyser inn til og internt i planområdet.
- Ved bygging av fjernvarmeanlegg må det sikrast at flest mogleg av bygga i området kan nyttiggjera seg av det.
- Universell utforming må liggja i botn for det vidare planarbeidet.
- Eventuelle kulturminne må omtalast.
- Ber om at område for vidaregåande skule vert utvida

Kommentar:

- Det er søkt lagt til rette for eit trafikksystem der biltrafikken blir mata inn frå hovudvegssystemet med kort veg inn til parkeringsplass. Sentralt i området ved torget skal det i prinsippet vere bilfritt. Det er planlagt for eit finmaska gangvegnett og stinett som skal trygg og attraktiv ferdsel, og som knyter saman målpunkt både i og utanfor planområdet. Målet er at fleire lokalt skal velje gang og sykkel framfor bil til arbeid, skule og fritidsaktivitetar.
 - Det har i planprosessen vore samhandling med moglegheitsstudia for Knarvik sentrum som no ligg til grunn for planarbeidet som der skal starte opp.
 - Barn og unge sine interesser er synleggjort i planforslaget gjennom arealbruk for både organiserte og uorganiserte aktivitetar, og med møteplassar langs attraktive ferdselsårer.
 - Vegsystemet er lagt med skilje mellom kjørande og mjuke trafikkantar der det er kan gjennomførast, og elles med fortau langs kjøreveg.
 - Planen gir heimel til påkoplingsplikt innfor eit konsesjonsområde for fjernvarme.
 - Universell utforming er lagt til grunn for nye gangvegar der det er topografisk mogleg, og er inne som krav i føresegnene.
 - Der er ikkje kulturminne i området
 - Området for vidaregåande skule er utvida.
- Merknadane er tatt til følgje i planforslaget.

6. NGIR, 03.07.2009

Det må setjast av plass for to dunkar avfall pr hushald, og det må vera tilkomst for renovasjonsbil.

Kommentar:

Planforslaget inneheld ikkje nye bustader. Det er generelt krav til at renovasjonsbil skal ha tilkomst, og gjennom detaljplan og/eller utomhusplan skal areal til avfallshandtering dokumenterast.

7. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, 30.03.2009

Prinsipp om universell utforming må liggja til grunn for arealplanlegginga for heile området.

Nemner følgjande som eksempel:

- Parkeringsplassar prioritert for rørslehemma
- Skilting og oversiktskart skal vera lett å lesa og gode å forstå
- Ledelinjer og kontrastfargar
- God lyssetjing
- Bruka landskapsarkitekt som kan vurdere desse prinsippa på ein heilskapleg måte

Kommentar:

Merknaden er tatt til følgje. Gjennom generelle føresegner med krav til universell utforming, og med krav til utomhusplan for sentrale offentlege bygg og uteområde er dette synleggjort i planforslaget.

8. Eldrerådet, 31.03.2009

Det må setjast av god plass rundt offentlege bygg og til offentlege bygg, og for seinare utviding. Det må takast omsyn til universell utforming.

Kommentar:

Merknaden er tatt til følgje.

9. Levekårsutvalet, 31.03.2009

Det vert bede om at alternative plasseringar blir utgreidd slik at ein tar omsyn til ein framtidig bruk av området til skule, kyrkje, andre kultur- og idrettsføremål.

Kommentar:

Merknaden er tatt til følgje.

10. Lindås idrettsråd, 03.04.2009

Idrettsrådet ber om at området rundt Knarvik idrettspark blir sikra tilstrekkeleg areal for framtidig allsidig idrettsformål. Konkrete anlegg er nemnt kunstisanlegg, symjehall og utvida fleirbrukshall.

Kommentar:

Planforslaget legg til rette for eit mangfald av idrettsformål, også uorganisert fysisk aktivitet. Utviklingsområde T13 opnar for bygging av symjehall og volleyballhall/fleirbrukshall. Merknaden er tatt til følgje.

11. Lindås kyrkjelege fellesråd, 06.04.2009

Syner til at dei to alternative kyrkjetomtene som bør vurderast er Juvikvarden og Kvernhusaugane.

Kommentar:

Merknaden er tatt til følgje.

PRIVATE MERKNADER:

12. Jorunn og Steiner Ekkeren, 11.03.2009

Eigar av gnr 188 bnr 206, 304 og 306.

- Ser ikkje grunn for at deira eigedom og dei to naboeigedomane er lagt inn i planen
- Eigedomane for dagens barneskule og ”gamle yrkeskulen”, samt arealet vest for Kvernhusmyrane(”Nordhordlandstunet”) bør inn i planen
- Det er viktig med langsiktig planlegging av sentrumsfunksjonar, areal- og funksjonsbehov, byggestruktur, tilkomst og sentralt lokalisert parkering
- Påpeikar at det er viktig med lokal medverknad frå grunneigarar og innbyggjarar når det gjeld plassering av viktige bygg og anlegg.

Kommentar:

- Eigedomane var regulert i planen Knarvik sentrale delar, og det var av den grunn naturleg å ta dei med når denne planen no blir erstatta. Dagens skuleområde sør for Juvikvarden er halde utanfor planarbeidet fordi det vil bli sterkt råka av ei framtidig endring av riksveg 57. I kommunedelplanen er det vist tunnelinnslag tett opp i dette området. Det vil vere naturleg å vurdere framtidig arealbruk av veg og byggeområde samtidig. Området ved ”Nordhordlandstunet” inngår i områdeplan for Knarvik sentrum.
- Arbeidet med områdeplan for Knarvik sentrum vert starta i juni 2010. Avgrensing av eit handelsområde og lokalisering av offentlege tenester er mellom dei tema som skal vurderast i dette planarbeidet. Endeleg arealbruk for offentlig tenesteyting vil måtte sjåast i samanheng med utvikling av denne planen. Gjeld særleg T12 og T13 i planforslaget. Eit større parkeringsanlegg er i planforslaget lagt inn i T13. Det er i planen søkt å leggja opp til eit prinsipp som gir kort kjøreveg frå hovudvegnett til parkering.
- Det er i planprosessen avhalde to opne informasjonsmøte/folkemøte. Prinsipp for lokalisering er gjennom handsaming av analysen vedteke av kommunestyre som grunnlag for planforslaget som no vert lagt ut på høyring. Sett i høve til at kommunen sjølv står som eigar av det meste av direkte råka areal er planprosessen vurdert å ha tatt tilstrekkeleg omsyn til medverknad. Merknadene er tatt til følgje i planforslaget.

13. Knarvik Senter AS, 11.03.2009

gnr 188 bnr 341 (trekant ned bak Knarvik senter) ber dei om blir regulert til framtidig bruk for Knarvik Senter.

Kommentar:

Arealet er vurdert som eit viktig parkområde i framlegget til ny plan. Lonelva renn gjennom denne tomten i dag, og det går ein viktig gang- og sykkelveg gjennom området som i dag vert brukt ein del. Det er til grunn i planframlegget eit ynskje om å bevare denne gang- og sykkelvegen også i framtida. Denne tomten kan ved tilrettelegging representera ein grøn kvalitet som kan knytast både til Knarvik senter og til torget framfor Nordhordlandshallen. Merknaden er ikkje tatt til følgje i planforslaget.

14. Lindås revmatikarlaget.20.03.2009

Revmatikarlaget melder behov for eit varmtvassbasseng til rehabilitering og habilitering av revmatikarar og andre grupper.

Kommentar:

Planforslaget legg til rette for symjehall av ein storleik som også kan innehalde terapibasseng. Merknaden er tatt til følgje.

15. Knarvik barnehage, 04.04.2009

- Knarvik barnehage ynskjer å få eit tilleggsareal til barnehagetomten. Det gjeld eit areal som i reguleringsplan for Knarvik sentrale deler var tiltenkt parkering, og som ligg nord aust for tomten deira. I tillegg viser dei til byggesaka og etableringa av tilkomstvegen til barnehagen frå parkeringsplassen.
- Dei oppmodar om at arealet aust for barnehagen vert friområde også i framtida.

Kommentar:

I dispensasjonssaka for deling av tomten (sak 222/08, møte 05.11.2008) vart det presisert følgjande:

c. Justering av tomtegrenser. Det må påreknast justering av tomtegrenser ved regulering i området. For å få ei god arrondering av den kunstfrosne skeisebana og gang- og sykkelvegen, legg planframlegget til rette for ei korrigering av eigedomsgrensa til barnehagen. Barnehagen vil i framtida også grense til eit friområde. Det kan vere mogleg å gje barnehagen litt erstatningsareal for justeringa av tomtegrensene. Barnehagen vil ha moglegheit for å nytta friområdet til sine aktivitetar uavhengig av eigedomstilhøva der. Gangvegen aust for barnehagen vert og vidareført for å sikre moglegheit for seinare opparbeiding. Merknaden er delvis tatt til følgje i planforslaget.

16. Nordhordland Skeiseklubb, 06.04.2009

Skeiseklubben ber om at det vert sett av areal til skeisebane mellom 7'ar bane og Knarvik barnehage. Symjehall bør lokaliserast nær skeisebane med tanke på rimeleg energileveranse.

Kommentar:

Kunstfrosen skøytebane er lokalisert i samsvar med innspelet frå skeiseklubben. Symjehall slik foreslått vil medføre vesentleg terrenginngrep i det området som i planforslaget ligg inne som omsynsone for landskap. Verdien av sambruk med idrettshall og fleirbrukshall, samt nærleik til alle skuleanlegga er også grunna for at det i planforslaget er opna for symjehall i T13. Merknaden er delvis tatt til følgje i planforslaget.

17. Gunnar Stusdal, 07.04.2009

- Lonsvegen er ikkje trafikksikker. Høg fart, parkering langs vegen, turløyper som kryssar vegen er påpeika i merknaden.
- Ingen av dei to alternativa for lokalisering av kyrkja er gode. Det beste hadde vore ein omkamp med kyrkjelege organ om lokalisering i Pyttedalen, alternativt å kjøpe Tide sin tomt.

Kommentar:

- Trafikksikringstiltak i Lonsvegen har vore drøfta av plan- og miljøutvalet i fleire samanhengar. Temaet vert følgd opp i ein eigen kommunedelplan for trafikksikring. Det er lagt til rette for fleire parkeringsplassar langs med Lonsvegen som kan gje tryggare tilhøve både for gåande, syklande og køyrande. Om det på sikt vert ynskjeleg med tilrettelegging for å kanalisere kryssinga av vegen til bestemte punkter kan det gjerast uavhengig av innhaldet i planen.
- Planforslaget støttar seg til kommunestyret sitt vedtak om lokalisering av kyrkja på Kvernhusaugane.

Merknadene er ikkje tatt til følgje i planforslaget.

18. Knarvik idrettslag, 21.09.2009

Idrettslaget har meldt inn ønskje om sandvolleyballbane nær turveg og idrettspark, samt ei trøtrailbane og ei BMX bane.

Kommentar:

Trøtrailbane er under etablering. Det er gjeve midlar til bana. Idrettslaget har fått starta arbeidet med atterhald om at den kanskje må flyttast på eit seinare tidspunkt for å ikkje kome i konflikt med den framlagte områdeplanen.

Det er mogleg å leggje til rette for sandvolleybane innanfor områda uorganiserte aktivitetar. Kva områda konkret skal nyttast til vert bestemt gjennom eigne planprosessar knytt til kulturkontoret. Merknaden er tatt til følgje i planforslaget.

9. Merknader og kommentarar ved planendring 30.05.17

Hordaland Fylkeskommune, 15.05.2017

I Hordaland Fylkeskommune si eiga oppsummering av fråsegnen heitar det

Hordaland fylkeskommune ber om at det vidare planarbeidet legg særleg vekt på senterutvikling, arkitektur og estetikk, barn og unges interesser, folkehelse, klima og energi, kulturminne og kulturmiljø, samferdsel og universell utforming.

Plankonsulent sin kommentar:

Vert teke til følgje.

Endringene som planendringa legg til rette for, gjer betre tilhøve for folkehelse, barn og unges interesser og samferdsle. For folkehelse: gjennom tilrettelagte areal for fysisk aktivitet både inne og ute, gang- og sykkelsamband, tilrettelagte og tilgjengelege grøntområde. For barn og unges interesser: forbetra løysing for tilkomst til skulen, høg kvalitet på skulens uteområde, og deltaking i brukerguppe. For samferdsle: trygg løysing for henting og levering til skule og SFO, god sambruk av parkeringsløyisingar i samarbeid med kyrkja.

Plankonsulent vurderer at planendringa er i tråd med overordna føringer.

Statens Vegvesen, 23.05.2017

I merknaden heiter det mellom anna:

«I planarbeidet må det takast spesielt omsyn til trafikktryggleik for skuleborna, og endringane må ikkje gje dårlegare løysingar for desse. Ein må òg ha fokus på at løysingane ikkje skal auke trafikken i skulens nærmiljø. Ut frå varsla omfang på planarbeidet, vurderer vi at endringane ikkje vil gje vesentleg verknad for vårt ansvarsområde.»

Plankonsulent sin kommentar:

Vert teke til følgje.

Framlegget til planendring er basert på grep som vurderast å gje betre trafikktryggleik for mjuke trafikantar enn den opphavelige planen. Framlegget legg opp til at Veg 7 går ut. Dette vil gje mindre trafikk langs skulen og barnehagen sitt uteareal. Ein unngår også kryssing av trafikkert veg for gåande og syklande på GS 3.

Fylkesmannen i Hordaland, 12.05.2017

Merknaden lyder:

Fylkesmannen er positiv til at det vert sett i gang arbeid med å endra planen, og ønskjer lukke til med planarbeidet.

Plankonsulent sin kommentar:

Vert teke til orientering.